

indremisjons NEMEN

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN
01 - 2024

Med
Årsmeldingar
2023

... og presentasjon av arbeidet og utsendingssaker



Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap,
vinna nye for Jesus, og gjera dei til Hans disiplar.

ims

Indremisjonssamskipnaden

Med Guds ord til folket

Layout: Jan-Ove Fagerheim
Trykk: Haugesund Bok og Offset A/S
Red.: Marit H. Ådnanes
Indremisjonssamskipnaden
Postboks 150, 5401 STORD
Tlf.: 53 41 07 04
Bankgiro: 8220.02.80454
Opningstider Indremisjonskontoret:
Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00
Fredag: Stengt
www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
www.facebook.com/Indremisjons-
samskipnaden

IMS-styret

Ole Bernar Innvær, leiar
Oddvar M. Torget, nestleiar
Petter Lid
Hilde Karin Vedøy Eiken
Tordis Thuestad
Vidar Stensletten Eik
Henriette Bjørnevik

Sven Tore Kulleseid, 1. vara
Marianne Heggholmen Aarbø, 2. vara
Ragnhild Nesse, 3. vara

Helgatun Fjellpensjonat A/S

5713 VOSSESTRAND
Telefon: 56 51 98 98
Bankgiro: 8220.02.80497
Dagleg leiar: Jorunn F. Johannessen
www.helgatun.no
helgatun@helgatun.no

Brandøy Misjons- og konferansesenter A/S

5584 BJOA
Telefon: 53 76 98 81
Bankgiro: 8220.02.80470
Dagleg leiar: Andreas C. Våge
www.brandoy.no
post@brandoy.no

Framnes KVGS

5600 NORHEIMSUND
Telefon: 56 55 05 00
Bankgiro: 8220.02.80292
Rektor: Harald Voster
www.framnes.vgs.no
postmottak@framnes.vgs.no

SunnBok

Postboks 23, 5401 Stord
Telefon: 53 41 20 01
Dagleg leiar: Silje Fyllingen
www.sunnbok.no
post@sunnbok.no

Framsida-foto:

Flott pynta under KRAFT-
konferansen på Leirvik
i februar.

Kvile og fornying, kor viktig er det?

Marit H. Ådnanes
Dagleg leiar



Mange lever hektiske liv. Og som ei nyleg sa; i tillegg til livet som mange andre har med jobb, familie og ulike aktivitetar, vil me også ha tid til forsamlingsliv. For mange kan livet bli ekstra travelt. Korleis kan me kjenna på overskot og glede, og leva eit balansert liv?

«Det skjer mens du kviler – som ikkje skjer mens du forsøker», seier mellom anna Thomas Sjødin.

Nyleg var han på Stord og snakka om dette mysteriet. Kvile går ikkje ut på dato. Når eg kviler verkar Kristus i meg. «I stille og tillit skal dykkar styrke vera» (Jes. 30, 15). Her vert eg iført ny kraft. «Men de ville ikkje», står det også fleire stader. Spørsmålet dukkar også opp hos meg, i min kvardag. Vil eg? Eller vil eg heller finna krafta i meg sjølv, andre menneske og ting rundt meg?

Det er sterk samanheng mellom kvile og kreativitet. Og forresten kvile, kva er det? Det handlar ikkje om å gå saktare, snakka seinare osv. Det handlar heller om tempovekslingar og å ta pause. Korleis kan me planlegga for kvile, i staden for å gjera det når me er «ferdige» eller ikkje orkar meir? Gud innførte kviledagen. Han ynskjer at me skal halda den heilag, tredje bod. Boda kom for å verna livet. Å arbeida er godt, å kvila er til velsigning.

«Kvile» var nett tema på ungdomslaget heime. «Selv unge blir slitne og utmatte, selv de sterke snubler og faller» (Jes. 40, 31), men dei som ventar på Herren får ny kraft. I gruppesamtale fekk ungdommane utfordringa «Snakk om din kalender. Korleis ser den ut? Det som er viktig for oss, prioriterer me. Har du satt av tid til kvile og fornying? Kva endringar kan du gjera i din kvardag for å få dette til?»

«Sett meg så jeg ser deg, pappa», sa vesle Micha til sin kjære far då dei skulle setja seg for å eta kveldsmåltid. Ho ville møta faren sine auge. Bøna hennar vart utgangspunktet for at faren, Jonas Severin Pettersen, skreiv songen «Sett meg så jeg ser deg, Jesus». Kort før Pettersen døydde i 1915 sa han: «Jeg har sunget denne sangen, og jeg har bedt den. Men jeg har opplevd at skal Herren høre denne bønningen, så må han ta fra meg så mye av det som er meg kjær, det som har så lett for å komme mellom Jesus og meg. Derfor skjelder jeg når jeg synger den.»

Eg øver meg stadig. I stilla hos Herren erfarer eg ny kraft. Eg finn glede til livet og til tenesta. Kvile er nødvendig. Bli gjerne med og les Bibelen i påska, sjå side fire, samtidig som du unner deg ro og stilla.


Korleis enda økonomien i 2023?

Vi har avslutta rekneskapet for 2023, og det er på veg til revisor. Vi veit at det kjem nokre endringar, men foreløpig har vi eit driftsunderskot på ca. 630.000,-. Etter finanspostar har vi eit underskot på 440.000,-. I desse tala har vi halde utanom inntekter frå sal av leilegheiter i Helgatunlia, sidan dette i hovudsak skal koma utvikling av Helgatun til gode. Foreløpig er det overført vel 4 millionar herfrå. Sjølv om vi har gode inntekter frå Helgatunlia, så er det ikkje dette som skal vera med og bæra inntektene til IMS.

Som du vil sjå lenger bak i bladet, er hovudinntektskjeldene våre foreiningsgåver, gåveaksjonar og gjevarteneste. Men med nedgang i antal lag og foreiningar, så går òg lagsgåvene ned. Inntektene frå gjevartenesta har og gått litt ned, men her bør det vera potensiale for fleire gjevjarar når IMS, som strekker seg i heile Sunnhordland, Hardanger og Voss-området, berre har 170 personar som er registrert som faste gjevjarar til oss.

Tusen takk til deg som står med i arbeidet gjennom forbønning, økonomiske gåver og med gode ord. Det varmar i kvardagen.

Rekneskapet pr. 31. desember
viser eit underskot på kr 439.517,-.
Året før var det eit driftsunderskot
på kr 289.611,-.



Gi di gåve med
vapps
Vipps-nummer: 102696

Ynskjer du å bli fast gjevjar?

Kontakt kontoret, tlf 53 41 07 04, eller finn skjema på www.indremisjonen.no

Takksemd

Andakt av
Randi Aarhun Innvær



Tenk at Gud synest det er heilt fint at du og eg er akkurat dei me er. Han har skapt oss, og me er unike med uendeleg stor verdi. Det er eg takknemleg for.

Eg tenkjer takksemd er i stort og smått; Å sjå det store i det vesle. Eg kan vere takknemleg for...

- at eg fekk ferdig middag.
- at eg fekk gode opplevingar på jobb.
- at jenta smilte til meg, og sa «hei»!
For ei glede å smile tilbake med eit «hei»!
- at eg kan plukke blomar langs vegen.

Eg kjenner det er godt for meg å fokusere på det gode i kvar dag. Då legg eg merke til enda meir av det fine og gode som faktisk er der. Då blir eg takknemleg for enda meir! Det eg fokuserer på, får eg meir av!

Takksemd er gull i kvardagen. Takksemd hjelper meg til å handtere det triste og vonde, dei meir krevjande delane av ein dag, på ein annan måte.

For meg gjer det kvardagen betre. Kjenner du det igjen? Om ikkje, håpar eg du etter kvart kan få erfare at takksemd er gull, kvar dag!


Takksemd kvar dag er også takksemd til Gud, som er der. Han ER! Eg har vald Gud inn i dagen min. Gud ønskjer så inderleg å vere ein del av din og min dag. Hurra!

Øv på å vere takknemleg, det er gull verdt! Berre prøv, berre øv. Gud heier på deg og meg, heilt sikkert!

Bønn: Takk Gud, at du ER i kvar dag. Lær meg å sjå stadig meir eg kan vere takknemleg for. Amen.

15b ... **Og ver takksame!** 16b ... Syng for Gud **med takk i hjarta!** Versa i sin heilskap les du i Kol. 3, 15-16.

Ønskjer deg dagar med takksemd i. Alt godt for din kvardag.



ims

VELKOMMEN TIL

ÅRSMØTE

Laurdag 20. april kl 1100-1730
Leirvik Bedehus

- Andaktsord v/ Runar Landro
- Årsmøtesaker, samtale, middag og fellesskap
- Utsendingar og andre interesserte er velkomne

Påmelding: indremisjonen.no

BØNE SPALTA

BE FOR:

- Superhelg på Helgatun
- Ungdomane som er med på ConTeenNew
- Påskefestivalen og Vårtreff, Brandøy
- Framnes og Bildøy
- Årsmøtet 20. april

TAKK FOR:

- Inspirerende Kraftkonferanse
- Ei Nådefull Damehelg
- Styret og leiarar i lag/forsamlingar
- Brandøy og Helgatun
- Les og be: Kolossarane 3, 12-17

Send gjerne bønneemne til kontoret, så ber vi på andakten i lunsjpausen.
SMS 415 17 817 eller på mail: post@indremisjonen.no

«Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. AMEN»

- Matt 6, 9-13 -

Påske – ei vandring frå palmesundag til påskemorgon

Norheimsund og Øystese Ungdomskor på konsertturné 21. – 26. mars 2024

Kvart år sidan 1968 har Norheimsund og Øystese Ungdomskor reist på turné for å spre song- og musikkglede og samle inn pengar til eit prosjekt. I år går turen til Rogaland. Koret skal ha base på leirstaden Stemnestaden ved Aksdal.

Konserten koret framfører har fått namnet «Påske – ei vandring frå palmesundag til påskemorgon». Gjennom musikk, tekstformidling, lyssetjing og bruk av bilete på storsjerm vert publikum teke med på ei vandring frå palmesundag til påskemorgon. Repertoaret er variert og spenner frå tradisjonelle påskesalmar til nyare påskesongar. Alt blir framført på norsk.


Det er gratis inngang på alle konsertane, men koret tek opp ein kollekt. Turnékostnadane betaler ungdommane sjølve, så alle innsamla midlar går uavkorta til koret sitt misjonsprosjekt. I år støttar koret eit Normisjon-prosjekt i Mali i Vest-Afrika. Prosjektet blir presentert på konserten.

Kor-medlemmene er i alderen 13 – 19 år. Dirigent for koret er Vidar Sangolt frå Norheimsund. Bandbesetningen består av piano, synth, gitar, bass, trommer, perkusjon og trombone. Koret har 30 songarar.

Velkomen på konsert!

Turnéplan:

Torsdag 21. mars kl. 19.00: Norheimsund kyrkje
Laurdag 23. mars kl. 18.00: Skånevik kyrkje
Sundag 24. mars kl. 11.00: Vår Frelzers kirke (koret deltek på gudsteneste)
Sundag 24. mars kl. 19.00: Aksdal kyrkje
Måndag 25. mars kl. 19.00: Sandeid kyrkje
Tysdag 26. mars kl. 19.00: Fitjar kyrkje

Påskealbum
«Fast som fjell» på  Spotify :



facebook



Bibellesing nådde nær 14.000 menneske

«Vi leser bibelen i januar» vart eit viktig og populært initiativ. I førre nummer skreiv vi om Ung-arbeidar i IMS, Kristine Særsten, som tok dette initiativet. I januar las vi Johannes evangeliet, Efsarane og Filipparane saman via Facebook. Etter god respons utvida vi bibellesinga til februar og leste då 1. og 2. Korintar brev.

Kvar dag har vi lese eit kapittel og høyrte ein kort video der nokon i området vårt deler frå dagens tekst. Vi ynskjer å rette ein stor takk til alle som har sagt ja til å dele noko frå dagens bibeltekst.

Det er viktig å oppmuntre kvarandre til både å lese og dele Guds ord. Vi ser det som svært verdifullt å samlast på tvers av generasjonane.

Per 29. februar har videosnuttane på gruppa nådd 13 807 ulike menneske. Det er over 500 medlemmer på gruppa, og fleire som ikkje har Facebook til vanleg er inne for å sjå.

Bli med og les Bibelen i påska!

Vi oppmuntrar alle til å fortsette å lese! I påska blir det nytt initiativ frå IMS. Frå 24.-31. mars går vi gjennom påskeevangeliet saman. Det er ein fantastisk moglegheit til å gjere dette saman med familie og venner, seier Kristine Særsten.

Kraftkonferanse på Leirvik Bedehus

Ha tru til Gud!

17. februar var det tid for den årlege Kraftkonferansen i regi av IMS. Tema denne gongen var «Ha tru til Gud» og gjestetalar var Sofie Braut. Ho jobbar no i avisa Dagen der ho mellom anna skriv kommentarar og leiarartiklar og er kjend for si uredde stemme i verdisamtalar og -debattar.

Marit Ådnanes ynskte oss velkomne og minna om at ingenting er umogleg for Gud. I salen sat det påmelde både frå Stord, Fitjar, Bømlø, Tynes, Kvinnherad og til og med heilt frå Jondal. Anders Sætre frå Fitjar hadde med ei gruppe som leia oss i sangen.

Ordet som ferskvare

Sofie Braut hadde fått temaet «Bibelglede – Korleis Bibelen kan gje retning og ryggrad til livet me står i.» Ho poengterte at utgangspunktet for bibelglede er alt Jesus har gjort for oss. Samstundes minna ho oss på å vera obs på åndskampen me står i. Det er krefter som motarbeider bibelglede. Guds Ord er levande, dei gjer noko med oss. Ordet er mat for oss, faktisk alltid ferskvare, så det viktigaste er ikkje å forstå Bibelen, men å «eta», ja fylla oss med Ordet. Sofie anbefalte oss å lesa Høgssongen i periodar der me slit med å ha lyst til å lesa. Elles løfta ho også fram Rut i Bibelen – eit eksempel til etterfylgning når det gjeld retning og ryggrad.

Glimt til inspirasjon

Etter ein pause fekk me fleire glimt til inspirasjon:

Heidi Vold Ådnanes fortalde om

Prosjekt Finnås, eit barne- og ungdomstilbod knytta til Finnås Bedehus. Ho fortalde inspirerende om samlingar med andakt, mat og aktivitetar der ein prøvde å leggja opp til å vera ute i størst mogleg grad. Mange leiarar er med, trygge vaksne som ser borna og har tid for dei. Aktivitetane er veldig varierte og dei har også fått til samarbeid med andre aktørar t.d. Bømlø Folkehøgskule.

Serina Nøstbakken fortalde om

Myldredag på Salem bedehus på Moster. Her samlar ein jamnleg generasjonar til middag, andakt og aktivitetar. Utgangspunktet er orda i Heb 10,24-25 der me blir oppfordra til å ha omtanke for kvarandre. Myldredagen har blitt ein plass for bygdefolk å møtast. Dei minste møter til Småsong og lek, større barn kan velja mellom hobby og idrett, og ungdomar har eit eige rom å samlast i. Serina fortel også at folk er villige til å hjelpa til, blant anna på kjøkkenet.

Lars Brekke fortalde frå Framnes

om tru og disippelskap. Det var ikkje vanskeleg å sjå at dette var ein elev som trivest veldig godt på Framnes. Det var flott å få høyra om ungdomar som søker Gud, som brukar av fritida si på møter og bibelgrupper, om lærarar som ikkje berre har omsut for elevane si faglege utvikling, men også om korleis dei har det både åndeleg og elles i livet. Elevar frå skulen bidreg også i ungdomsarbeid i Norheimsund

og Lars fortalde at nokon også der møtte Jesus til frelse.

Etter god middag var det tid for aktuelle valfrie seminar. I andre fellesesjon delte Marte og Rune Kvilhaugsvik frå familien sitt opphald i Bardney (England) og deira erfaring frå «små båtar», berekraftige små kristne fellesskap. Det vert meir om dette i neste nummer av IndremisjonsVenen.

Hjartetid, bøn og takksemd

Etter mange inntrykk denne dagen (og mykje god mat!) var det godt å runda av med «Hjartetid». Marit minna om Jesu ord om å elska kvarandre. Så fekk me be for og med kvarandre, ta del i ei bønnevaring eller berre vera stille i bøn kvar for oss. Me avslutta med å stå i ein ring og ta imot velsigninga til tonar frå lovsongsteamet. Det var godt å stå slik og også kjenna på takksemd for kvarandre og takk til Gud – Han som gir kraft til tenesta me står i.

Bjørg Marit Notland



Barne- og ungdomssidene

Eirik Stensland - Lise Marie Th. Litlabø -

Leirar framover

Brandøy:

IMS Sommarfest

For alle
14.-16. juni
Pris: Maks 4210,-
3-7 år: 820,-
8-12 år: 860,-
13-16 år: 1150,-
Vaksen: 1600,-

Sommarleir

5.-7. klasse
21.-23. juni
Pris: 900,-

Sommarminileir

2.-4. klasse
24.-26. juni
Pris: 900,-

Familieleir

For heile familien
28. juni-2. juli
Pris: Maks 6500,-
3-7 år: 1140,-
8-12 år: 1260,-
13-16 år: 1690,-
Vaksen: 2340,-

Helgaton:

Superhelg

0-9 år med fylgje
3.-5. mai
Pris: barn: 900,-
Vaksen: 1700,-

Minileir

2.-4. klasse
24.-26. juni
Pris: 900,-

Twinsweekend

5.-7. klasse
24.-26. juni
Pris: 900,-

ims

Indremisjonssamskipnaden

Med Guds ord til folket

Meir info finn du på nettsida vår under fana "Arrangement" og deretter "Leirar". Her kan du melde deg på leir og lese meir om kva ein leir inneheld.

www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
tlf 53 41 07 04



UNGS QR-hjørne
Tidslinjen.no



Bibelselskapet har ei flott tidslinje på sine nettsider som viser Guds «store forteljing» gjennom å plassere nokre av bibelens historiar på ei tidslinje og forklare kva dei handlar om.
Ressursar til tidslinjen.no finn du også på denne sida.

www.indremisjonen.no



Linda Aase - Kristine Særsten

Mitt bibelvers!

«Tru ikkje at eg er komen for å oppheva lova eller profetane! Eg er ikkje komen for å oppheva, men for å oppfylle.»
Matteus 5,17

Mari Økland, 14 år



LINK 24 i Øystese

2-4. februar ble LINK arrangert i Øystese bedehus. Fredagen var rundt 80 ungdommer samlet til møte med tale av Solveig Hosøy. Kvelden ble avsluttet med kafé og underholdning av Framnes-elever. Lørdagen var det variert program, hvor dagen startet med bibeltime av Solveig Hosøy. Videre sto aktiviteter, middag og seminar på planen. Med oss hadde vi Benjamin Espevik til å dele om et møte med Gud, resten var på KRIK-seminar med Frede Gravdal og Jonas Øvsthus.

Daniel Sæbjørnsen hadde talen da rundt 120 ungdommer møtte til kveldsmøte. Lørdagen ble avsluttet med lovsangskveld med vårt dyktige lovsangsteam ledet av Vegard Sangolt. LINK arrangeres for at vi skal «linke» med hverandre, og «linke» med Gud. Dette ble helgen hvor noen ungdommer «linket» med Gud for første gang.



Vil du bli med på LINK, 15.-17. november har du muligheten. Vi stiller med gratis overnatting for ungdommer langveisfra.

Volleyball-turnering med ZoomIn

10. februar samlast vi til volleyball-turnering i Gilje fleirbruks-hall. Under turneringa hadde vi kiosk, pizza, sosialt, spel og andakt. Andakten handla om kven Jesus er, hans karaktertrekk og korleis han har lyst å være Herre i livet vårt.

I løpet av kvelden var det 70 ungdommar innom. Vi hadde invitert fleire ungdomslag frå distriktet vårt med. Her kom det ungdom frå store delar av Bømlo og UNG-arbeidet på Leirvik bedehus.

Ein volleyball turnering er eit låg-terskel arrangement, der det kjem inn mange ungdommar med andre bakgrunnar. Vi ynskjer å nå nye menneske med evangeliet, og ser på dette som svært verdifullt.



Konsert med Hilde Svela og Damehelg med kvilepuls

Brandøy 2. - 4. februar

Har du aldri vore på damehelg, seier du? Då veit du ikkje kva du har gått glipp av! Og tenkjer du vidare at damehelg ikkje er aktuelt for deg fordi du er mann? Vel, i år var det umoglege mogleg. Då Hilde Svela slo an den første tonen på opningskonserten, kunne to modige menn og meir enn 50 damer senka skuldrane og la kvilepulsen ta over.



Konserten var ein flott start på helga. Gjennom songar og sofaprat blei me tatt med inn i temaet for helga, «Nådens gåte». Nåden gjekk vidare som ein raud tråd gjennom helga når Henriette Bjørnevik grundig og nært formidla til oss på samlingane, vidare gjennom vitnesbyrd på delekvelde og til sist i festmiddagen som enda i nattverdsmåltid.

Fritid nytta me på ulikt vis. Nokre nytta sjansen til å ta seg ein høneblund midt på dagen. Ulike turar blei arrangert. Eitt av turfølgja dukka svært så friske opp til vaffelkosen laurdag ettermiddag og kunne melda om

ein skikkeleg offroad-tur gjennom skog, myr og kratt. Sjøbad freista nokon, men dei fleste vil nok hugsast best samtalane og fellesskap med andre damer der ein fekk dele tru og liv.

Me må takka dei kjekke damene som har lagt ned så mykje arbeid både før, og i helga - så me andre kunne nytta! Og til deg som ikkje kom i år - Ikkje nøl om det kjem ein ny sjans!

(PS! Dei modige mennene måtte reisa heim etter konserten.)

Reidun Teistedal Dyrøy

Kaffi, bøn og prat

I haust starta eit nytt initiativ på Gilje bedehus, der kven som helst kan koma innom for kaffi, bøn og prat måndag føremiddag. Sigrun Alvsvåg er initiativtakar. I haust opplevde ho at ho fekk «ord» til forsamlinga omkring at Gud har sett bønene og hjartesukka som har stige opp. «Ikkje stopp, men fortset!» Me bygger relasjonar, og i bøn får me løfta opp forsamling, bygd, bedriftsleiarar, politikarar m.m. Det krev lite av førebuing. Det handlar om å koma og dela, seier ho.

- Eg glede meg verkeleg til å gå i dag, fortel Arne Knutson, ein av dei trufaste som møter opp. Det er så godt å koma saman med truande folk. Eg likar godt samtalane me har og det åndelege fellesskapet. Eg treng å koma ein del gonger for å bli trygg på folk. Det er eg blitt her.



- Velsigna band som bind, seier Norvald Ådnanes. Gjennom prat og bøn får me legga fram nød og tankar for kvarandre. Det er lettare i ein mindre setting som dette. Når me har fellesskapet med Jesus, så finn me også saman som menneske.

- Gjennom å møtast slik, kjenner me meir nærleik. Det gjer noko for fellesskapet, ja storfellesskapet også, seier Olava Gilje Nord.

Har de tid til dette då?

- Me er vel så travle som me vil, repliserer Karl Ådnanes.
- Det er viktig å prioritera dette, seier Audhild Ådnanes. Me har i grunnen ikkje snakka om det. Me berre går.



Glimt og gløtt frå arbeidet...



Samling for IMS-styre og tilsette, samt ImF-prosessgruppe.



Forkynnarkveld med Daniel Sæbjørnsen i regi av ImF Stord.



Neset bedehus, møte med kaffi og samtale etterpå.



Søndagssamling Salem, Moster.



Fullt hus på Brandøy- og Helgatanbasar på Gilje bedehus.



Møte Laurhammer bedehus med pizza og årsmøtedel etterpå.



Familjemøte på Halsnøy, der Marit A. Røen heldt andakt.



Familjesamling på Huglo.

Mi trushistorie

Av Reidun Teistedal Dyrøy

Som ein frisk sommarbris kjem Serina Nøstbakken inn døra mi på Stord ein sur februar kveld. For 27-åringen frå Moster er ikkje ein tur over bruene eit problem. Ho har vore på lengre reiser. Også trushistoria hennar strekk seg over store avstandar; frå Moster, til Filippinane, innom Trondheim og tilbake til Filippinane. Historia handlar om trusfrø sådd tidleg i livet, ein sterk vilje, mot, kall og ein tolmogig Gud.

Nysgjerrig på tru

Å veksa opp på Moster gjorde at det var naturleg å vera på bedehuset, sjølv om eg ikkje kom frå ein kristen heim, seier Serina. - Eg hadde venner frå kristne familiar og var på både klubbar, kor og ungdomsmøte. Eg var nysgjerrig og hadde mange spørsmål om tru, men fann ikkje heilt min plass. Likevel er eg sikker på at det blei sådd frø gjennom dette arbeidet som har vore avgjerande for trua mi. Serina jobbar no sjølv i ei lita stilling på Salem i tillegg til jobben som miljøterapeut på Moster skule. - Når eg møter borna på Salem tenker eg ofte på kor viktige desse møta var for meg. Det gir meg inspirasjon i arbeidet.

Blei møtt på Impuls

I ungdomstida hadde ho venner i ulike miljø. - Eg var ute og festa, og eg var med barndomsvennene mine på bedehuset. Eg blei og med då dei skulle på Impuls i Stavanger. Der fekk eg eit sterkt møte med Den Heilage Ande. Det var som ein flamme eller ein varm vind gjekk gjennom kroppen min. I tillegg fekk eg profetiske ord, og eg kunne ikkje lenger nekta for at Jesus fantes - eg som fram til då var den som skreik høgast i klassen om kor teit kristendommen var! Trusreisa mi hadde fått ein start, men eg laga min eigen teologi; Gud tilgir uansett, så eg kan gjera som eg vil!

Fekk vera den første venen

Etter vidaregåande ville eg jobba og reisa. Etter ein tur til Afrika kjende eg at eg ikkje hadde hjelpt nokon, men berre hatt det kjekt sjølv. Eg kontakta barneheimar i fleire land i Asia. På Filippinane fekk eg napp. Eg kjøpte billett, men to veker før avreise fekk eg ikkje lenger tak i kontaktpersonen min. Kva skulle eg gjera? Eg sendte fleire mailar og til sist fekk eg svar frå «Gentle Hands». Gentle Hands er ein kristen organisasjon som lagar ein trygg heim for born som elles ville vore overlata til seg sjølv. Her bur dei, får omsorg og hjelp medan dei ventar på ein ny heim hos adoptivforeldre. - Dei bad meg senda billetten og kort tid etter var eg der.

Det var eit kultursjokk å komma til Filippinane, men ting gjekk seg til. Eg fekk vera den aller første venen til ei ung jente eg møtte der. Dette var ei sterk oppleving for meg, og eg lova å komma igjen. Korleis det skulle gå til, visste eg ikkje, men gode kristne mentorar oppmuntra meg til å ta ei utdanning der eg kunne bruka eigenskapane mine til å hjelpa menneske i eit slikt arbeid. Det førte meg til Trondheim og Barnevernspedagog-studie.



Festa meir enn dei fleste

I Trondheim gjekk Serina tilbake til å leva eit dobbeltliv, som ho kallar det. - Eg gjekk ikkje i kyrkja og eg festa nok meir enn dei fleste. Innimellom reiste eg tilbake til Filippinane og på kvar tur snakka Gud meir og meir til meg. - Eg kjente at dersom eg verkeleg skulle bli kjent med Gud, måtte eg gje opp noko. Det skjedde ei gradvis endring i meg. Eg trappa ned på festinga, byrja å gå i kyrkja og i eit kristent miljø. - Eg må seie at Gud har vore veldig tolmogig med meg! Han venta på meg då eg var for sta til komma til han. No fekk eg ein ny fred. Eg fekk kontakt med Gud og eg blei døypt saman med to andre. Vennene mine som eg budde ilag med kom i dåpen. Det var ein spesiell dag der eg fekk vitna for dei gjennom historia mi.

Fekk sponsorar etter to timar

Det blei stadig klarare for meg at å reise til Filippinane var eit kall, og etter avslutta utdanning såg eg etter løysningar for å kunna flytta dit. Barneheimen kunne ikkje dekkja lønn, så eg måtte skaffa meg sponsorar. Eg la ut ei melding på Facebook, og etter to timar var det i orden.

«Mamma» til mange jenter på Filippinane

På barneheimen blei eg først «mamma» til born av rusmisbrukarar. Etter seks månader kom pandemien. No måtte alle som skulle jobba på barneheimen bu der, og me måtte gi slepp på mange tilsette. Eg fekk ansvar for fleire og fleire born. På det meste var eg «mamma» til 30 jenter mellom 2 og 12 år. Det blei ein livsstil, ikkje ein jobb. Målet var internasjonal adopsjon, men i ventetida fekk eg lov til å vera ein del av liva deira.

Gud som har plan for den enkelte

Kvar kveld var det samling i fellesrommet med andakt og lovsong. Å høyra 170 barnestemmer synga lovsong av full hals, er noko heilt spesielt, seier Serina og smiler varmt. Desse borna har vore gjennom verre ting enn me kan tenka oss. Me vil gje dei trua på at det er ein som kjenner dei og har ein plan for dei. Derfor er også barneheimen sitt kjernevers Jeremia 29.11; For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukke tankar. Eg vil gje dykk framtid og von.

Serina er veldig glad i Salme 34,14, og det treff henne best på engelsk: *Turn from evil and do good; seek peace and pursue it.* Pursue it tyder «følg det». - Når eg har søkt fred, er det Gud eg har søkt utan at eg sjølv har skjønnt det. Gud leia meg til tru og til arbeidet på Filippinane, der fann eg fred.



Serina på Filippinane

Har hatt fin vekst i fleire år – gler seg til nytt bygg

Vågen bedehusforsamling har samla inn pengar til nytt bygg i om lag ti år. Me er vand til å samla inn pengar i bygda, fortel Arne Voll, prosjektleiar og representant inn mot byggherre. Julemesser generer rundt kr 200.000,- pr år. Før jul selde dei julekalender, noko som også gav om lag kr 180.000,- i inntekter. I 2019-2020 starta dei med fast givarteneste til nytt bedehus. Givartenesta er no på over kr 70.000,- per månad. Bygget vil kosta om lag kr 22 millionar å få reist opp. Ved oppstart av bygginga i 2023 var eigenkapitalen på om lag sju millionar. No, pr januar, er den på ti millionar.

Fokus på forsamlingsarbeidet

Det vert lagt opp til litt dugnad undervegs. Dei har tatt ut element, til dømes set dei opp kjøkkeninnreiinga sjølv. – Me vil ha fokus på å halda forsamlingsarbeidet oppe under bygginga, seier Arne. Difor har me også begrensa dugnadsarbeidet rundt bygginga ein del.

Bygget er skalet. Forsamlinga er folket. Men det er viktig å ha eit tenleg lokale. Det nye lokalet blir på 600 kvadratmeter med ein stor og ein mindre sal, pluss ungdomsrom. Så blir det eit godt kjøken, noko som også gjer huset tenleg for utleige og ulike typar arrangement.

Rikt barne- og ungdomsarbeid

For nokre år sidan vart dei til Vågen bedehusforsamling, innmeldt i både ImF og NLM. Barnearbeidet har lange tradisjonar i bygda. Forsamlinga har tatt i bruk Awana, og har tre aldersinndelte grupper annankvar søndag, då det er Storsamling. Denne søndagen i januar var om lag 160 – med små og store – møtt opp på Vågen bygdesenter, som dei no leiger til søndagsmøta. Det gamle bedehuset, som låg tett på hovudveggen, har Statens Vegvesen kjøpt. – Me er ei levande og verkekræftig forsamling i Ølensvåg, som ynskjer å gjera Kristus kjent, seier Arne.



Storsamling i Vågen bygdesenter



Arne Voll framfor bedehuset som vert bygd i Ølensvåg


Oppgradering Helgatun nær fullført

Frå 20. oktober til 5. januar har det vore full aktivitet på Helgatun med oppgradering.

- Me har byta vindauge, nesten alle utedører og nødutgangar. Det er kome toalett og dusjar i tilknytning til sovesalen, handikaptaolett ved resepsjonen og nye toalett ved kaféinngangen, seier dagleg leiar Jorunn Johannessen. I tillegg er det kome ventilasjon til møtesal, peisestove, sovesal og aktivitetsrom, samt nye sikringsskap. Inngangspartiet er blitt større, og resepsjonen er blitt oppgradert. Så er det veldig kjekt med heis frå møtesal i hovudetasjen og ned til matsalen.

- Aller mest fornøgd er eg med at vindauga i matsalen er senka, seier Jorunn. No kjem det mykje meir lys inn, og det er blitt lysare og lettare.

Det er litt utvendig arbeid som gjenstår, spesielt over bakkenivå. Dette må ein ta når frosten er vekke. Nett nå er det fulle dagar på Helgatun med gjester både vekedagar og i helgene til langt ut i april, seier Jorunn.



Moster 2024

I 2024 markerer me at det er 1000 år sidan Olav den heilage innførte kristenretten på Moster. Hovudfeiringa skjer 29. mai til 2. juni, men det er fleire arrangement også andre helger i samband med markeringa. Sjekk gjerne ut moster2024.no. Her finn du info og alt du treng å vita om arrangement.

Haakon Georg Moe (biletet) er leiar i Felleskristen Komité, ei prosjektgruppe som består av forsamlingane i Den norske kyrkja på Bømlo, Salem bedehus på Moster, og alle dei frie forsamlingane på Bømlo.

Formål for arbeidet**til Felleskristen Komité:**

- * Be for Noreg, og kalla til bønner der Gud framleis skal vera «Bygningsmannen»
- * Fremja Guds rike ved å styrka og velsigna den kristne einskapa
- * Vitna om at Gud, Jesus og Den Heilage Ande er ein realitet i dag – eit levande håp til evig liv
- * Vera ein aktiv påverkar for at betydningen av kristenretten får positiv merksemd i mediene, i kulturlivet, i politikken, i akademia og i kristne miljø



Haakon Georg Moe

Arrangement der Felleskristen Komité er involvert:

- Pinsestemne: Søndag 19. mai, kl. 11.00, Moster Amfi
- Bønnekonferansen: Fredag 24. til søndag 26. mai, Stord hotell / Moster
- Reise med seilskipet Christian Radich: Fra Oslo tirsdag 28. mai til Moster fredag 31. mai
- Gospel & Talkshow «På grensa til lovsong»: Fredag 31. mai, kl. 22:00, Moster Amfi
- Talkshow «Kristenretten»: Lørdag 1. juni, kl. 19:00, Sion, Moster
- Reise med seilskipet Christian Radich: Fra Moster søndag 2. juni til Oslo onsdag 5. juni
- Jubileumsfinalen «Himmelske toner»: Søndag 2. juni kl. 21:30, Moster Amfi.



www.moster2024.no/arrangement

**Korleis kan DU gi til IMS?****Dersom du ikkje er fast gjevar frå før:**

- Gå inn på imf.no
- Velg: Gi gave
- Velg: Støtt lokale ImF-prosjekter
- Finn Indremisjonssamskipnaden

Dersom du er gjevar frå før, men vil endra beløp:

- Gå inn på imf.no
- Velg: Min side
- Gjer dei endringane du vil

Skann QR-koden eller skriv i nettlesar: bit.ly/fastgjevar

**Kvifor gir DU til IMS?****Vi har hatt ein kort prat med Hermod Kirkeli:**

Det er ein måte å gjera det enklare for meg sjølv. Samtidig skaper det forutsigbarhet for IMS. Det er vinn-vinn, seier Hermod. Så får du jo også trekt av givartenesta på skatten.

Eg ynskjer å gi til IMS fordi det er den samanhengen eg går i og er involvert i. Eg har sett verdien av ConTeenNew og leir. Så støttar eg også satsinga til IMS, både i forhold til forsamlingsbygging, konfirmantarbeidet, leir og skulearbeidet. Kanskje såg eg ikkje breidda av arbeidet tidlegare. Ved å vera med å arrangera årsmøtehelg på Vikahaugane, Haustmøtehelg og KRAFT-konferanse, så blir ein meir engasjert. Og Haustmøtet 2022 med Justified-konsert, gav frimod og var startskotet for oppstart av «Englevakt», lovsongsteam i ImF Stord, der eg er med.

Kva skal til for å gå frå å tenka at du vil vera fast givar, til å bli det?

Snakk med dei rundt deg – og med Gud. Kva vil Gud at du skal bidra til? Når du har bestemt deg; gå inn på nettsida - gi til det prosjektet du vil. Søk teknisk hjelp om du treng det. (Ring gjerne IMS-kontoret tlf. 53 41 07 04)



Eit årsmøte i gamle dagar

Det var to forskjellige innfallsvinklar på referata frå indremisjonsårsmøtet i 1880. Eit var å finna i Fedrelandsvennen og eit i Indremisjonen sine arkiv. Men mykje folk var samla i Strandebarm. Rundt 10.000 hadde kome til stemna, mange roande eller siglande. Andre gåande over fjellet, mellom anna frå Samnanger. Nokre, som Lars Oftedal, med «DS Folgefonden» til Bakka. I Fedrelandsvennen var forfattaren indignert over at folk måtte betala 7 øre for å gå over kaien på Bakka. Det var få som hadde «beine» pengar, så betalinga vart både 10 og 25 øre, ja, då det ikkje var enkelt med vekslepengar, og berre to til å ta imot betalinga.

Stemna var i «Grønnedalen», og var det 16. årsmøtet etter skipinga av «Indremisjonen i Søndhordland, Hardanger og Vos».

I Lars Oftedal si skildring av årsmøtet, attgjeven i Alfred Hamre si bok, er det lagt meir vekt på det åndelege perspektivet. «Det første Samtaleemne, hvortil man nu gikk over, var dette: Om forskjellen mellom den levende og døde Tro».

Konklusjonane på drøftingane var:

«Den levende Troes Forudsætning er «en syndig Jammers Følelse»; den samme Følelse følger ogsaa med Troen alle Dage. Troen kjender Glæde og er Budskabet om Frelsen i Kristo og er en personlig Erfaring af Guds forbarmende Kjærlighed mod en selv, virket af den Helligaand i det angergivne Hjerte».

Dernest var det verdt å merka seg noko ei 13 år gammal jente fortalde. Ho hadde vore med på årsmøtet. Det var åndsmakta og bedande menneske som hadde gjort sterkast inntrykk på henne. I pausane i programmet søkte folk saman i små grupper eller åleine. Kvar ein snudde seg låg folk på kne og bad.

Det var ikkje overnattingsplass innomdørs til alle. Folk låg under kvelvde båtar, eller i skogholt. Det var ikkje problem, for vèret var nydeleg så lenge stemna vara.

Ove-Kjell Sakseid

**Glimt i auga
og gløtt av himmel**

ENDELEG TILGJENGELEG PÅ NETT!
Til IMS sitt 150 års-jubileum i 2014 skreiv Ryfylke Livsgnist ein revy som trekkjer dei store linjene gjennom historia. Det vart ein humoristisk historietime. Revyen vart framført i ein fullsett Husneshall under Årsmøte-helga i juni. Seinare fekk både Norheimsund, Stord og Bømlo og besøk av dei lokale skodespelarane og musikarane som framførte revyen.

QR-koden sender deg til Del 1 på Youtube:



Varme hjarte og varme til Brandøy

På Brandøystyremøte i byrjinga av februar vart varmpumper eit tema. Likviditeten er slik at det er litt tøft å bruka titusenar i slengen, så vi bestemte oss for å prøva å få samla inn mesteparten med kronerulling. Tysdag 13/2 skreiv vi denne beskjeden på Facebook (litt forkorta her):

«Varmepumpa i møtesalen på Brandøy lagar litt varme, men desto meir lyd! Men pumpa er gammal og har blitt fiksa så mange gonger den kan, og er no klar for utskifting. Samtidig er det slik at oppvarminga i aktivitetshallen treng fornyast. Til no har det vore vannboren varme i golvet, med elektrisk oppvarming.

Blir du med på kronerulling? Vi har som mål å samla inn 50 000 kr for varmpumpene! Klarer vi det på ein måned? Då er vi godt på veg til å dekkja mesteparten av utgiftene!»

Og SÅ flott respons som kom frå gode Brandøy-vener rundt omkring! Etter berre to dagar var 45 000 kr samla inn, og få dagar etter var målet på 50 000 kr nådd. Og vi som tenkte at ein måned i alle fall måtte til.

I skrivande stund blir pumpene monterte! Men som ei sa: «Dette varmar sikkert sånn at de nesten ikkje treng varmpumper!» Heilt sant: det er veldig varmande at gode Brandøy-vener trør til når det trengs! Og stor takk til Jan Mæland som på kort varsel har laga beskyttelse til varmpumpa i aktivitetshallen!

Reiseruta mars, april og mai

| | |
|---------|--|
| Veke 12 | 21. mars Lise Marie Thuestad Litlabø , Klubben Fitjar |
| | 22.-26. mars Eirik Stensland , Påskefestival Brandøy Kristine Særsten , Påskefestival Brandøy Marit Andresen Røen , Familieleir Helgatun Kåre Johan Hamre , Familieleir Helgatun |
| | 23. mars Marit Hårklau Ådnanes , Meling |
| | 24. mars Arne Lindekleiv , Jondal |

| | |
|---------|---|
| Veke 13 | 31. mars Eirik Stensland , Moster |
|---------|---|

| | |
|---------|---|
| Veke 14 | 01. april Lise Marie Thuestad Litlabø , Hiskjo Marit Hårklau Ådnanes , Husnes |
| | 04. april Ola Malvin Lomheim , Huglo |
| | 05. april Kristine Særsten , Nattcafe Husnes |
| | 05.-06. april Marit Hårklau Ådnanes f.fl. IMS-styremøte Helgatun |
| | 05.-07. april Kåre Johan Hamre , Samnanger |
| | 06. april Eirik Stensland , Aktiv Moster |
| | 07. april Marit Hårklau Ådnanes , Os |
| | Olav Eikemo , Sagvåg |
| | Lise Marie Thuestad Litlabø , IMF Stord |

| | |
|---------|--|
| Veke 15 | 08. april Lise Marie Thuestad Litlabø , Norheimsund jr. Ving |
| | 09. april Lise Marie Thuestad Litlabø , Hobbyklubb og TiTo, Valen Marit Hårklau Ådnanes , Ressursgruppetreff Shl. Kristine Særsten , Kvinnherad "Ka e' greio?" |
| | 10. april Klaus Muff, Jette Marie og Bjarne Steinsund , Sveio Kåre Johan Hamre , Utåker Kristine Særsten og Bildøy elever , Mini Pit Stop Leirvik |
| | 11. april Lise Marie Thuestad Litlabø , Sagvåg B:Kids Lise Marie Thuestad Litlabø , Sagvåg TorsdagsOpe |
| | 11.-12. april Kåre Johan Hamre , Guddalsdalen |
| | 12. april Bildøyelevar , UKS og Fitjar Ten-Treff |
| | 13. april Bildøyelevar , ZoomIn |
| | 13.-14. april Kåre Johan Hamre , Varaldsøy Marit Andresen Røen , Bømlø IM på Brandøy |
| | 14. april Bildøyelevar , Moster Ingebrigt S. Sørfonn , Samnanger Sara Brosvik , Tysnes Håkon C. Hartvedt , Gilje |

| | |
|---------|--|
| Veke 16 | 15. april Kåre Johan Hamre , Granvin Konfirmanttreff |
| | 16. april Marit Hårklau Ådnanes , Ressursgruppetreff Hardanger |
| | 17. april Per Torgeir Nilsen , Søre Neset |
| | 18. april Kåre Johan Hamre , Granvin Eldretreff |
| | 19. april Linda Aase , UKS Stord Kristine Særsten , Nattcafe Husnes |
| | 20. april Runar Landro og tilsette IMS , Årsmøte IMS, Stord Eirik Stensland , Aktiv Moster |
| | 21. april Ola Malvin Lomheim , Moster Marit Andresen Røen , Øvrebygda Ove-Kjell Sakseid , Skånevik |

| | |
|---------|--|
| Veke 17 | 23. april Kristine Særsten , Kvinnherad "Ka e' greio?" |
| | 24. april Kåre Johan Hamre , Vikebygd |
| | 25. april Kåre Johan Hamre , Huglo |
| | 26. april Kåre Johan Hamre , Stranda |
| | 27. april Eirik Stensland , Konfirmasjon ConTeenNew |
| | 28. april Ingvild Løklingholm , Gilje |

| | |
|---------|--|
| Veke 18 | 29. april Lise Marie Thuestad Litlabø , Leirvik jr. Ving |
| | 03.-05. mai Marit Andresen Røen , Superhelg Helgatun Kristine Særsten , Superhelg Helgatun |
| | 05. mai Marit Hårklau Ådnanes , Øvrebygda og Horneland |

| | |
|---------|--|
| Veke 19 | 06. mai Marit Hårklau Ådnanes m.fl. RS-møte Framnes |
| | 09. mai Olav Eikemo , Fitjar |
| | 12. mai Marit Hårklau Ådnanes , Norheimsund Tor Espen Kristensen , Gilje |

| | |
|---------|--|
| Veke 20 | 14. mai Kristine Særsten , <i>Kva er greio?</i> |
| | 17. mai Solveig Norheim , Tysnes Ingebrigt S. Sørfonn , Horneland Marit Andresen Røen , Osterneset |
| | 19. mai Solveig Norheim , Os Eirik Stensland , Vågen |

| | |
|---------|---|
| Veke 21 | 20. mai Olav Eikemo , Tysnes |
| | 22. mai Ove-Kjell Sakseid , Søre Neset |
| | 24. mai Aud Karin K. Ringvoll , Bømlø |
| | 25. mai Aud Karin K. Ringvoll , ZoomIn |
| | 26. mai Aud Karin R. Ringvoll , ImF Stord Linda Aase , Samnanger Olav Eikemo , Øvrebygda Arne Lindekleiv , Laurhammer Olav Eikemo , Gilje |

| | |
|---------|---|
| Veke 22 | 30. mai Lise Marie Thuestad Litlabø , Husnes Linda Aase og Kristine Særsten , Tenkafeen Samnanger |
|---------|---|

NO KAN DU KJØPA LODD TIL INNTEKT FOR



BRANDØY
Missions- og konferansesenter

**Kr. 20,-
per lodd.**

Du kan mellom anna vinna:

- Overnatting helg i leilighet i Helgatunlia (8.000,-)
- PlayStation5 Slim (6.000,-)
- SurPlus Aqua SUP-brett (5.000,-)
- Legio Nova bestikksett '48 deler' (4.000,-)
- Storfeskinn frå Granberg Garveri (3.000,-)
- Bålpanne Espegård 70 (2.600,-)
- BabyBorn-dokke m/ garderobe (2.000,-)

<http://lodd.brandoy.no>



Misjonstur med ConTeenNew

I vinterferien, i år som i fjor, reiste konfirmantane i ConTeenNew på misjonstur. Dette er sju stappfulle dagar der målet er å sjå arbeid drevet av kristne foreningar, forsamlingar og stiftelsar. Innimellom alt dette har konfirmantane undervisning, bønnesamlingar, stilletid med bibellesning og mykje sosialt.

ConTeenNew er IMS sitt eige konfirmasjonsopplegg. Vi har undervisning frå september til april og reiser på to kortare turar. Siste laurdagen i april avsluttar vi året med kofirmasjonsgudstjeneste. I vinterferien reiser vi på ein misjonstur. Vi erfarar at ConTeenNew verkelegen er eit år der trua får veksa og at ungdommane får læra, sjå og erfara noko frå Gud.



Konfirmantane pakkar posar med mat som dei så gir til den neste i køen.


Dei siste åra har vi reist på misjonstur til sørlandet. Der har vi hatt base på ImF Sør sin leirstad Audnastrand i Lindesnes. Frå Audnastrand har vi hatt utfluktar kvar dag. Vi har besøkt Filadelfia i Kristiansand der vi spesielt har fått høyre om konseptet

”Damer i byen” og vi fikk høyre frå barne- og familieleder om et stort og variert arbeid. Vi fikk også komme innom Servicekontakten, dreve ut frå Filadelfia, der konfirmantane fekk dela ut mat til ein lang kø med mennesker.

Shelter Kristiansand har deler av eit kvartal med mange bueningar der flyktingar og andre med minoritetsbakgrunn får hjelp med å tilpassa seg ein ny kvardag i eit nytt land. I andre enden av sentrum ligg Shalam som driv eit breidt arbeid for rusavhengige, prostituerte og andre som har ein krevjande kvardag. Ingen av desse driv primært kristent arbeid, men begge har ein tydeleg kristen profil. Det å høyra vitnesbyrd om kva Jesus gjer i menneskers liv i desse arbeida gjer inntrykk.



Så har vi også vore innom KVS Lyngdal, bilete nedanfor er frå torsdagsmøte der.



Vi har vært på Impuls på Frikstad bedehus, vi har høyrt om vekkjinga på Vigeland og om ”Sett og hørt” som er eit resultat av den.

Det å væra ei veke på tur der me ved kvar stoppestad får høyra enkle og livsforvandlande vitnesbyrd, forkynelse og undervisning frå Guds Ord gjer noko med deg. Det er heilt enormt å få høyra frå konfirmantar som har begynt å lesa dagleg i Bibelen etter turen, fleire som for fyrste gang har erfart den freden som Gud møter oss med heilt fysisk og tårevåte smil i forbønnskø på KVS Lyngdal.

Nysgjerrig på ConTeenNew?

Bli med på infomøte om ConTeenNew, då vel!

**Onsdag 15. mai kl.17:30
på Horneland bedehus**

Der treff du oss som er leiarar i ConTeenNew, andre kommande konfirmantar som vurderar ConTeenNew og andre føresette til neste års konfirmantar. Samlinga varer ca. 45 minuttar og inneheld informasjon om opplegget, god mulighet til å stilla spørsmåla du måtte ha og noko enkel servering med noko varmt i koppen. Hjarteleg velkommen!

INDREMISJONSSAMSKIPNADEN 2024

Brandøy



Mars:

22.-26. Påskefestival 8. klasse og eldre

April:

05.-06. Dugnadshelg for heile familien

22.-25. Vårtreff –for oss over 60

Juni:

14.-16. IMS Sommarfest

21.-23. Sommarleir 5.-7. klasse

24.-26. Sommarminileir 2.-4. klasse

28.-02.07. Familieleir

September:

09.-11. PÅFYLL - Haustdagar for kvinner

November:

08.-10. JuleJunior 4-9 år med følgje

15.-17. Miniadventshelg 2.-4. klasse

22.-24. Ten-helg 8. klasse og eldre

29.-01.12. Adventshelg

Helgaton



Mars:

22.-26. Familieleir -Påske

27.-01.04. Påskeopphald

Mai:

03.-05. Superhelg 0-9 år i følgje med vaksen

Juni:

24.-26. Minileir 2.-4. klasse

24.-26. Tweenleir 5.-7. klasse

August:

12.-16. Sunnhordlandstreff

September:

13.-15. Damehelg

19.-22. Friluftshelg (Pusterom og Jaktleir)

November:

01.-03. Helgatonhelg

15.-17. Juleverkstadleir 4-9 år m/følgje

29.-01.12. Førjulshelg 5.-7. klasse

29.-01.12. Ungdomshelg 8. klasse og eldre

Desember:

23.-27. Juleopphald

Andre arrangement:

20.04. Årsmøte IMS på Leirvik Bedehus

14.-16.06. IMS Sommarfest på Brandøy

10.-13.10. Pit Stop Stord

25.-27.10. Haustmøtehelg på Leirvik Bedehus

Sommarstemne:

09.05. Venestemne Fitjar

20.05. Pinsestemne Tysnes

11.08. Solheimsdal-stemne Tysnes

Julemesser:

23.11. Førjulsmesse Tysnes

23.11. Julemesse Bremnes

www.indremisjonen.no

VIGGO KLAUSEN

blir med, også i år!



ims SOMMAR FEST

BRANDØY

14.-16. JUNI 2024



WWW.IMS-SOMMARFEST.NO



Ole Bernar Innvær
Leiar i styret for IMS

IMS framover

IMS er i ein prosess saman med den øvrige ImF-familien for å sjå på korleis vi best kan organisere oss framover. Målet/måla er “meir misjon” og “eit betre vi”. Kjenn litt på dei orda; “meir misjon” og “eit betre vi”. Dette er gode ord og mål som IMS også arbeider mot. Du finn ei orientering i dette bladet. Vi skal drøfte temaet på årsmøtet 2024, før årsmøtet i 2025 tar meir konkrete val.

IMS vil “meir misjon”. For å klare dette, trur eg vi må styrkje arbeidet vårt lokalt; Arbeide med fellesskapsbygging og vekst, og samtidig bidra i “eit større fellesskap”. Det kan være i “nabobygda”, i leiararbeidet, eller anna. I dette arbeidet har alle sin plass, kvar på sin måte. Vi treng fellesskapet, og fellesskapet treng oss. Kretsledet vil fortsatt kunne gje støtte og

veiledning til det som skjer lokalt. Er vi to eller tre, eller er vi et større fellesskap? Gud brukar oss der vi er, slik vi er.

IMS vil mangfald, og ulike løysingar, “eit betre vi”. Eit lokallag har ressursar på eit område, eit anna lokallag på eit anna område. For å få til “eit betre vi” må vi vere villige til å hjelpe, ha respekt for kvarandre, og heie på kvarandre. Vi må lytte til kva andre treng, og hjelpe kvarandre der det trengst.

Økonomi. Det kostar å oppretthalde og vidareutvikle arbeid, både lokalt, på kretsplan og i ImF-sammenheng. Korleis kan mitt fellesskap bidra økonomisk til utvikling av arbeidet? Givartenesta: Kva kan eg/vi forplikte oss på å gje regelmessig? Vi må, med klokskap, jobbe med desse spørsmåla i våre lokale fellesskap.

IMS ynskjer, også framover, å “byggje varme, inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar” (IMS-visjon). Vi må be om å få ta dei rette skritt, slik at nabolaget vårt fortsatt får høyra om Jesus, og bli kjent med han.

I likninga om “Sonen som kom heim” (Luk 15, 20) står det: “Medan han endå var langt borte, fekk faren sjå han, og han fekk inderleg medkjensle med han. Han sprang imot han, kasta seg om halsen på han og kyste han.” Det er dette vi vil formidle: At Gud elsker kvar og ein. Han ser etter den som er borte, kjem han i møte, omfamnar han. Dette skal vi ta med i kvardagen vår, og formidla i bygdene våre framover; Gud finnes! Gud bryr seg så inderleg!

Sakliste til utsendingsmøte, årsmøte 2024 på Leirvik Bedehus, laurdag 20. april kl. 11.00 - 17.30.

1. Godkjenning innkalling og sakliste

2. Konstituering

- Val av møtedirigent og varadirigent
- Val av to til å føra møteboka
- Val av to til å signera møteboka
- Stemmerett for dagleg leiar og formann i Helgatunlia
- Informera om tellekorps = valnemnd

3. GF for Indremisjonssamskipnaden Holding AS

- Godkjenning av rekneskap
- Kapitalforhøying i Helgatun Fjellpensjonat AS. Overføring av leilegheiter i Helgatunlia og midlar til oppgradering av Helgatun

4. Årsmeldingar

- Indremisjonssamskipnaden
- IMS-ung

5. Rekneskap Indremisjonssamskipnaden

6. Orientering

- Framnes KVGs
- Brandøy Misjons- og konferansesenter AS
- Helgatunlia BRL
- Helgatun Fjellpensjonat AS
- SunnBok AS

7. Val

- Leiar for 1 år
- 3 styremedlemer for 2 år
- 3 varamedlemer for 1 år
- Val- og fullmaktsnemnd
- Revisor

8. ImF-prosess

9. Refinansiering av restgjeld i Helgatunlia inntil siste leilegheiter er solgt

10. Sal av IMS-huset

11. IMS sine årsmøte frå 2025

Prøveperioden med å skilja årsmøte ut frå Sommarens Storsamling er over, kva no?

12. Samtale om arbeidet

Fullstendige årsmeldingar, rekneskap og oppdatert info til utsendingsmøtet vert lagt ut på nettsida vår:

www.indremisjonen.no

Presentasjon av kandidatar til val av nytt styre i IMS

Leiar kandidat



Bernt Arild Gjøvåg
48 år, Stord
Personalleiar i Subshore.
Aktiv i Horneland indremisjon, og er medlem av styret til Framnes KVGs, samt nestleiar i styret for SKAPER. Eg set stor pris på den rike historia og den djupe tilliten til Bibelen som ein finn i IMS. Eg ønskjer å bidra til ei teneste til Guds ære og vil styrkje IMS i møte med forføringar.



Henriette S. Bjørnevik
50 år, Stord
Sjueleiar ved Stord Sjukehus. Er tilknytt Leirvik Bedehus og Horneland Bedehus. Eg brenn for ungdomsarbeidet og leiararbeidet. Ungdomsåra er tida for å ta mange val, og for mange eit vegskilje i livet når det kjem til tru, så eit godt ungdomsarbeid er viktig.



Eva Karin Schmidt
51 år, Moster
Jobbar på Haugesund Sjukehus. Eg er medlem i Moster Indremisjon som er tilslutta IMS. Tidlegare deltatt mest i barne- og ungdomsarbeid, men er no med i møteleiargruppa. Eg ynskjer at fleire får del i den kristne trua og det kristne fellesskapet.



Tor Tveitane
68 år, Norheimsund
Pensjonist.
Er engasjert i Norheimsund Indremisjon og har vore 10 år som misjonær i Mali. Der som her er eg 'altmoglegmann' og har også arbeid i 18 år som IKT ansvarleg på Framnes. Eg er oppteken av at levande husgrupper og småfellesskap kan vera lågterskelinngang til forsamlinga på bedehuset.

Kandidatar varavalet



Sven Tore Kulleseid
64 år, Samnanger
Pensjonist.
Har jobba Teknisk Drift i Samnanger Kommune siste 15 åra. Er med i Samnanger misjonsforsamling. Brenn for at fleire skal bli vunne for Jesus.



Marianne Heggholmen Aarbø
54 år, Fitjar
Økonomisjef i Stord kommune.
Eg er opptatt av at me har fellesskap som tar misjonsbefalinga på alvor. Forsamlinga skal vere ein stad der me får styrke i fellesskapet med andre kristne. Der skal me få inspirasjon til å nå ut til dei me møter i vår kvardag i og utanfor bedehuset og kyrkja. Eg ønskjer også å sjå meir nettverksbygging mellom dei ulike bedehusa i kretsen vår.



Jan Ole Høiby Hansen
56 år, Fusa
Industrimekaniker og CNC-operatør hos Frank Mohn. Er med i Barne- og ungdomsrådet for Samemisjonen, engasjert i barne- ungdoms- og konfirmantarbeid. Har alltid vore glad i bedehusa rundt om, sit i styret for bedehuset på Fusa. Er med i Fusa Sokneråd.

Desse sit eitt år til:
Oddvar M. Torget, Bjørnafjorden
Hilde Karin Vedøy Eiken, Fitjar
Petter Lid, Ullensvang



Det skal veljast leiar for 1 år, tre styremedlemer for 2 år og tre varamedlemer for 1 år.

Fornya og framtidretta Indremisjonssamskipnad

Saksutgreiing til sak 8, årsmøtet

Kvifor gjer me dette?

ImF-prosessen

På eit tidlegare misjonsråd i Indremisjonsforbundet (ImF) var tilsette frustrerte over administrasjonsoppgåver og ein uhensiktsmessig organisasjon. Saman kom ein difor fram til at organisasjonen, kretsar og ImF, skulle koma med forslag til ein betre måte å organisera seg på. Målet var mindre administrasjon og meir misjon. Dette var oppe som sak i GF for ImF 2019, og IMS vedtok på årsmøtet i 2020 å vere med på denne prosessen. Planen var å vera ferdig med prosessen til GF 2022. Så kom korona, og også andre faktorar har gjort at prosessen no skal få sin formelle avslutning under GF for ImF i 2025.

Vår historikk

Arbeidet er bygd på at det skal vere eit bedehus i kvar bygd.

Då indremisjonsarbeidet vaks fram på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet, var målet at kvar bygd skulle ha eit bedehus, slik at ein kunne spasere til sitt kristne fellesskap fleire gonger i veka. Og i tillegg at dei som ikkje kjende Jesus, skulle ha lett tilgjengeleg ein stad der dei kunne høyre Guds ord. Samfunnet har endra seg drastisk sidan den tid, og det er ikkje mange som har sine fellesskap i gå-avstand verken av kristne eller andre fellesskap.

Reisande forkynnarar, gjerne med møteveker

Då indremisjonen var på sitt største, var det mange som reiste rundt som forkynnarar. Det var ofte fleire møteveker i strekk, der folk gjekk på møte kvar kveld. Me har fått mykje av Guds ord til mat for sjela, til fornying og vekking. Både arbeidstidsbestemmelsar for forkynnarar og andre ting gjer dette vanskelegare enn før, og dei fleste brukar meir tid heime på kveldane. Framleis treng me å møtast på bedehuset – men også på andre måtar. Me treng ein annan måte å administrera samlingspunkta våre, og korleis dei tilsette kan tena det lokale. I tillegg treng me andre måtar å leve saman på enn møte fleire gonger i veka.

Lekmannsrørse

Vår historie, er at me er ei lekmannsrørse som vaks fram som resultat av eit levande bibel- og bønneliv, samt at dei betydde noko for dåtidas naud. Dette har endra seg til at me ikkje brukar så mykje tid på Gud i kvardagen, og at det meste av vår teneste- og fellesskapstid handlar om å ta vare på dei som allereie er kristne. Her treng me på ny å venda blikket vårt oppover mot Gud som gir oss det me treng, og utover til dei som verkeleg treng Jesus, og møta notidas naud.

No-situasjon

Mindre kristent arbeid i bygdene

Statistikken nedanfor med oversikt over lag og forsamlingar talar for seg. Sidan 2010 har det blitt ei halvering av barne- og ungdomslag, og lokalforeiningar er sterkt redusert. Sjølv om me har nokre lysglimt, blir det oppretta få nye kristne fellesskap, åndelege heimar der me tar vare på kvarandre og kan styrka kvarandre i trua.

Få kjem til tru og blir disippelgjort

Visjonen til IMS: «Me ynskjer varme inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar». Me ynskjer å strekka oss mot visjonen. Vinn me nye? Vert menneske gjort til disiplar? Det er desse fruktene me ynskjer å sjå av arbeidet vårt, og som me må målast på.

Økonomi og ressursbruk

Me trur at det er noko å hente på å effektivisera den drifta me har i dag, både økonomisk og på kva me bruker tid på. IMS-huset er tungt å drifta og me brukar ein god del tid på arbeidsoppgåver som ikkje er i kjerneverksemda vår.

Heile drifta vår er basert på gåveinntekter og me er avhengige av at gåvene samsvarar med det aktivitetsnivået me har over tid. Me ser at me brukar mykje ressursar på å oppretthalda det me har i dag og lite vert nytta til ny, utadretta verksemd.

Statistikk

Foreiningar, forsamlingar, kontaktar, BU-lag

Ved gjennomgang av dei registrerte laga og kontaktane me har i dag, så har me gjort ei framskriving (ved å gå gjennom kvar registrerte) på korleis ein trur det vil sjå ut i 2028 og 2038:

| | 2010 | 2012 | 2014 | 2016 | 2018 | 2020 | 2022 | 2023 | 2028 | 2038 |
|---------------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|-----------|
| Kontaktpersonar | 32 | 26 | 20 | 19 | 14 | 16 | 17 | 24 | 9 | 7 |
| Lokalforeiningar | 67 | 62 | 61 | 60 | 55 | 51 | 50 | 42 | 32 | 11 |
| Forsamlingar | 1 | 1 | 2 | 2 | 6 | 6 | 6 | 6 | 13 | 25 |
| Barne-og ungdomslag | 76 | 69 | 70 | 66 | 53 | 49 | 38 | 37 | 50 | 50 |
| Andre | 25 | 21 | 18 | 16 | 16 | 16 | 15 | 15 | | |
| Totalt | 201 | 179 | 171 | 163 | 144 | 138 | 126 | 124 | 104 | 93 |

Gåver

| | 1960 | 1970 | 1980 | 1990 | 2000 | 2010 | 2019 | 2022 |
|---------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Lagsgåver | 98 369 | 171 333 | 615 221 | 1 498 404 | 1 220 913 | 1 540 048 | 1 716 935 | 1 436 873 |
| Gåveaksjonar | 8 607 | 36 445 | 265 925 | 606 784 | 510 752 | 775 765 | 613 591 | 739 893 |
| Gjevarteneste | 7 511 | 2 540 | 8 325 | 62 753 | 148 360 | 779 560 | 1 134 567 | 1 326 495 |
| Julemesser | | | | 73 000 | 155 000 | 228 800 | 223 442 | 108 000 |
| Andre gåver | 19 416 | 91 785 | 233 101 | 264 463 | 314 373 | 469 508 | 306 540 | 216 900 |
| SUM | 133 903 | 302 103 | 1 122 572 | 2 505 404 | 2 349 398 | 3 793 681 | 3 995 075 | 3 828 161 |
| I 2023-kroner | 2 090 822 | 3 058 793 | 5 069 175 | 5 420 707 | 4 032 873 | 5 338 339 | 4 672 940 | 4 040 144 |

Kva ynskjer me for framtida?

Meir misjon

Evangeliet er Guds kraft til frelse. Me ynskjer å nå ut til menneske i våre bygder med denne budskapen. Gud er verksam også i dag. Me ynskjer at unge og vaksne skal få eit livsforvandlande møte med Jesus. Det kan skje på leir, våre arrangement, i heimar, i eksisterande og nye fellesskap. Me ynskjer meir misjon ut av kvar misjonskrone, ein kultur der me er indremisjonærar i kvardagen der me er, ein kultur der menneske blir utrusta til teneste og me heiar kvarandre fram.

Eit betre "vi"

«Fremja Guds rike» er eit av føremåla til IMS. Me vil vera til velsigning for fleire enn oss sjølve, vårt lokale fellesskap, vår bygd og vår krets, ved å dela vår kompetanse og våre ressursar. «For intet har me fått det, for intet skal me gi det». Me søker det som er best for Guds rikets arbeid.

Krets

Me ynskjer ein livskraftig krets, med einskap omkring formål, visjon og verdier. IMS skal først og fremst utrusta lokale leiingar og menneske til teneste, og i mindre grad enn i dag «gi fisk». IMS eksisterer først og fremst for å tena og leia det lokale, ta medansvar for fellesarrangement og -tiltak, samt vera pådrivarar for at nye ting kan veksa fram. IMS skal hjelpe til slik at lokale fellesskap og forsamlingar kan vera livskraftige til å klara seg sjølv for dagen i dag og framtida. Dette vil vera eit kontinuerleg arbeid.

Lokalt

Me ynskjer at det på kvar ein stad er menneske som tilber Jesus med sitt liv. Ved det blir Jesus gjort tilgjengeleg for alle i vår region. Der lokale kristne samlast, vonar me at dei brukar tid, pengar og krefter som team, på å møte dagens naud lokalt. Det er òg viktig at dei som har ansvar for det åndelege livet i fellesskapet, møter folk med same rolle frå andre bygder, slik at det vekst fram sunne fellesskap og relasjonar. Slik kan også den lokale forsamlinga ta større ansvar for både andre bygder, og for det regionale arbeidet. IMS er med på å utvikla kompetanse og nettverk slik at det gagnar både den lokale forsamlinga, og dei rundt.

Ovannemnde vil me oppnå gjennom å endra på følgjande:

(Resten består om lag som i dag)

1. Ny struktur for tilsette

* Dagleg leiar

- Førebuing av styresaker. - Personalansvar. - Oppfølging av avdelingane. - Eigedom mm.

* Adm.leiar

- Økonomiansvar. - Lønn/personal. - Sentralbord, e-post, påmeldingar, gjevarteneste osv.

* Områdearbeidarar både i vaksen- og ung-arbeidet, lokale Kraftsenter:

- Vindafjord, Etne, Kvinnherad m. fl.
- Voss m. fl.
- Kvam, Samnanger, Ullensvang m. fl.
- Stord, Fitjar, Bømlo m. fl.

Områdearbeidarar er med fordel tilknytt/tilsett i lokal forsamling (mindre prosent) og leier nettverk, koordinerer nokre fellesarrangement og følgjer opp eksisterande og nye fellesskap.

Overgang til frivillige forkynnarar i tillegg til områdearbeidarar.

2. Selge IMS-huset

- Relokalisera SunnBok.
- Leiga kontorlokaler.

3. Meir berekraftig økonomi

- Forsamlingane må forplikta seg økonomisk ut frå evne.
- Auka den faste gjevartenesta.
- Vidareføra giro-aksjonane.

4. IndremisjonsVenen

- Etablere ein redaksjonskomité med frivillige.
- Vurdera IndremisjonsVenen som del av Sambåndet.


5. Forholdet til ImF

- Behalda ImF som nasjonalt nivå, med ansvar for felles system, åndeleg leiarskap og ansvar for Bildøy Bibelskole og Lyngdal bibelcamp.
- Byta tenester med ImF eller andre kretsar der det er hensiktsmessig.
- Eit lågare misjonstilskot, med mindre talarhjelp.
- Me vil bidra på nasjonale arrangement, og vera med å arrangere regionale arrangement saman med ImF.

Framtidsbilete

Lag og forsamlingar er grunnstamma i misjonsarbeidet og hjelper kvarandre i nettverk, støtta av IMS.

Eit framtidig organisasjonskart kan sjå slik ut:



Forklaring:

Organisjonsmodellen er ei skisse og prøver å forklara korleis ting kan sjå ut. Antal Ressurscenter kan bli annleis. Kva type nettverk som er aktuelle, vil også variera.

Ei satsing

Me ynskjer å ta vare på dei tilsette me har i dag, men gjerne fornya innhald i stillingane. Me tenkjer at me ekspanderer og satsar med denne organiseringa. Det er naturleg at det også kjem fleire tilsette til. Tilsett i krets/område bør i deler av stillinga vera tilsett i lokal forsamling, ev. ha ei aktiv rolle inn i dette arbeidet. Dette for betre å forstå det lokale arbeidet ein skal vera med og utrusta. Så vil det også vera lettare å få stor nok total stilling om ein kombinerer.

Berekraftig økonomi

Det må likevel vera slik at stillingane skal bera seg sjølv gjennom givarteneste og økonomisk forplikting frå lokale lag og forsamlingar. Etterspurnad og økonomisk bereevne set naturleg ramme for tilsetressurs i kretsen/området.

Endring i kurs og framdrift

I mars 2023 fekk prosessen sin restart med ny leiing og fasilitator. Den enkelte krets er fri til å finna sin eigen veg med tanke på organisering. ImF kan enda opp med ei blanding av kretsar, regionar og nettverk.

Årsmøtet 20. april

Det vert presentasjon av prosjektgruppa sitt arbeid, og deretter gruppesamtale og plenumsamtale.

Forslag til vedtak:

Årsmøtet ynskjer ein framtidretta IMS som gir "meir misjon" og "eit betre vi", noko som også er mottoet til ImF fram mot GF i 2025.

Årsmøtet støttar å arbeida vidare fram ein modell der me i størst mogleg grad nyttar ressursane til utadretta arbeid. Lag og forsamlingar er grunnstamma i misjonsarbeidet og hjelper kvarandre i nettverk, støtta av IMS. Me ynskjer å vera tettare på det lokale arbeidet. I tillegg til at me framleis vil ha ein IMS-administrasjon på Stord, ynskjer me å opprette fleire lokale ressurscenter, som igjen vil ha ansvar for sine geografiske område. For å få til dette, treng me også å arbeida fram ein meir berekraftig økonomi.

IMS-huset, kva no?

Saksutgreiing til sak 10, årsmøtet

Eit ev. sal av IMS-huset har vore oppe til vurdering også tidlegare. I samband med ImF-prosessen er sal av huset eit av tiltaka me ynskjer å løfta fram. Dette vil gi oss meir tid og overskot til misjon, som er vår kjerneverksemd.

Historikk om huset

ved Svein Bjarne Aase

IMS-huset sin historie som vår eigedom starta i 1946, men sjølve huset har betydeleg lenger historie. Det er hevda at «Gjestgiveriet» antageleg er bygd i tida straks etter 1600-talet. Seinare vart huset bygd om av Arnt N. Dahl og vart til «Dahls hotel». Dette hotellet stod ferdig i 1889 i flott sveitserstil. Etter ei tid fekk hotellet namnet «Grand Hotel», og det har opp gjennom åra hatt ulike eigarar. I krigen budde tyskarane der, og etter krigen nytta Den Norske Marine hotellet om lag eit halvt år. Huset var etter dette nedslite og hotelldrift vart forbode.

Kjøpt for kr 70 000,- i 1946

I 1946 hadde Sunnhordlandsbanken huset på hand for sal. Banksjef Høyland vende seg då til Th. Onarheim og spurde om indremisjonen hadde interesse av å kjøpa det. Onarheim såg snart at her var det ein sjanse som ein ikkje måtte la gå frå seg. I april 1946 var styret for Indremisjonssamskipnaden og styret for Stord Indremisjon saman på Grand hotel (IMS-huset), for å ta over eigedommen og setja hotellet i drift. Kjøpesummen var kr 70 000,- for eigedommen. 21. september 1946 var eigarorganisasjonane saman med om lag 200 personar samla til vigselshøgtid.

Hotelldrifta gjekk etter kvart godt og det synt seg at dei hadde behov for fleire rom. Eit moderne nybygg måtte til, og 11. oktober 1959 kunne nybygget Grand Hotel A/S vigslast.

I god bruk

I 1965 gjekk dei i gong med byggjetrinn 2, med bl.a. festsalen. I årsmeldinga for 1970 får vi eit gløtt av kva hotellet vart brukt til: «Innpå 100 større lagsmøter, misjonsmøte, ungdomskveldar, ymse kurs, festar, messer, utstillingar, manns møte, påskemøte, forkynnar- og haustmøte, Samrådsmøte for DVI og julemesse for Misjonssambandet. 8 bryllaup, 16 konfirmasjonar og 41 minnestunder».

Etter at nye Grand Hotel A/S vart bygd, vart toppetasjen på gamle Grand (IMS-huset) brukt til hyblar og leiligheter for dei som hadde jobb på Grand Hotel A/S.

SunnBok og IMS-kontor

I 1974 tok Sunnhordland, Bok og Misjonssentral, no SunnBok, til med bokhandel i gamle Grand. Her har også IMS sine kontor. Kontorfløyen vart pussa opp i 1995.



Bussterminalen

I 1995 gjekk Grand Hotel, Stord kommune og Hordaland Fylke saman om å byggja bussterminalbygg. Det vart bygd saman med Grand Hotel der deler av fyrste etasje vart kopla saman med det nye bussterminalbygget. I vårt bygg låg kafédelen, opphaldsrom for bussjåførar med tilhøyrande toalett og lagerrom for kafédrifta. I nybygget som var Stord kommune/Hordaland fylke sin eigedom låg sjølve kjøkkendelen til kafeen, pluss venterommet og offentlege toalett. Det var Grand Hotel A/S som hadde retten til å driva kafeen med servering i venterommet og i kafélokala som låg i Gamle Grand, og IMS overtok denne retten etter sal.

Då Grand Hotel A/S vart seld i 1998 skilde ein ut Gamle Grand (trebygningen) som eigen eigedom og det er den eigedommen som i dag er IMS-huset. Då kommunen la ut bussterminalen for sal i 2019 kjøpte IMS den sidan denne bygningen hang saman med IMS-huset.

IMS-huset sin eigedom er på 556,6 kvm, medan Bussterminalen er på 142 kvm. Tomtegrensene ligg heilt inn til bygningane bortsett frå i bakgården der me har 5 plassar til parkering.

Hordaland Fylke sende brev til Stord kommune 07.10.2010 der det står:

«Me vil rå kommunen til å sørge for at bygningen vert sikra mot forfall, samt at ein saman med eigar tek initiativ for å få sett i stand gamle Grand hotell som ein sentral kulturhistorisk bygning på Leirvik.»

Betydelege kostnader til vedlikehald

Bygningen er i dårleg stand og det må nok ei totalrenovering til med start i grunnen for å etablera ny og sikker fundamentering. Huset er fundamentert på varierende massar. Her er blindkjellar i deler av bygget og synlege setningar i huset. I år 2001 vart det oppdaga store lekkasjar i taket. For å berga bygningen vart det skifta tak. Toppetasjen er stengt av og ikkje i bruk bortsett frå nokre rom til oppbevaring. Me vurderer det slik at dersom me skal ha denne eigedommen vil det tilkoma betydelege kostnader til vedlikehald berre for å halda bygningen på det nivået den har i dag.

Takstar:

Nito Takst ved ingeniør Knut Grahl-Madsen gav ein verditakst datert 04.05.2018 på IMS-huset på kr 6 000 000,-. Bjørn Nesbø Takstøkonom NTF gav ein markedsverditakst på bussterminalen datert 04.02.2014 på kr 1 200 000,-. Eiendomsmegler Vest sende oss ny vurdering av IMS-huset og Bussterminalen 05.12.2023, og anslår verdien til kr 7 250 000,-.





Vi vil bygga varme, inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus, og gjera dei til Hans disiplar.

Årsmelding for IMS 2023

Korleis kan me gjera Jesus tilgjengeleg?

Det har vore fokus i fleire samanhengar siste året. Under KRAFT-konferansen peika Arne Skagen på at Jesus nytta kvinna ved brønnen til å nå ut. I dag søker han gjennom deg og meg. Me må ha antennene opne. Gud vil leia oss inn i situasjonar og til menneske. Så utfordra Cecilie Skår Holmgren oss på kven me har rundt oss – som me kan bety noko for. Du kan vera nøkkelen til å gjera Jesus tilgjengeleg rundt deg.

Svaret på spørsmålet i overskrifta kan sjå ulikt ut. For nokon skjer det gjennom nye fellesskap, for andre i eksisterande fellesskap; gjennom møte, samtalegrupper og arrangement, ved basarar, i samtalar omkring tru, at me får vera åndelege medvandrarar. «For å oppretthalda familieforhold i store forsamlingar treng du fleire foreldre, åndelege fedre og mødre», er det sagt.

Måla arbeidet på frukter

Varme inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til Hans disiplar. I kor stor grad skjer dette i samanhengen vår? Det er blitt poengtert at ofte ramsar me i ei årsmelding opp alle arrangementa våre og kva me har gjort. Men me treng å sjå i kor stor grad me når mål og visjon for arbeidet vårt. Viss ikkje må me faktisk endra kurs. Det gjeld IMS, og det gjeld lokalt. Noko av visjonen er vanskeleg å måla, og om fellesskapa våre er varme og inkluderande vil også vera subjektivt.

Like fullt opplever me at mange lærer kva det vil seia å vera etterfølgjarar av Jesus. Unge lærer av å vera leirleiarar, ConTeenNew-konfirmantar vert utrusta til å leva med Jesus, barn og unge blir kjent med kva tru er på leir, unge tar nye steg med Jesus på Pit Stop m.m. Ting skjer lokalt og på Framnes. Me opplever at me står i gode og store ting her.

Me er heldige som kan samlast til fellesskap omkring Guds Ord, enten det er i smågrupper eller storfellesskapet. Me hadde vore langt fattigare utan dette høvet. Ting skjer! Me modnast i trua. Unge og vaksne vert berørte. Me opplever også at eigne storsamlingar tenner ny gnist, og Guds Ord skapar

noko nytt, eks frå IMS Sommarfest og Haustmøtehelga. Så er det alltid slik at me stadig kan «ta rik del i Herrens gjerning» (1. Kor. 15,58).

Berekraftig arbeid – utrusta til teneste

Dette er eit tema som har vore mykje fokus på dei seinare åra, også i 2023. «Utrustande» er ein av verdiane våre. Skal me ha livskraftig indremisjonsarbeid, slik det er uttrykt i formålet, må neste generasjon med. Då bør me tenkja korleis me kan utrusta neste generasjon til å kjenna, elska og tena Herren.

Paulus seier noko om korleis dette kan skje i 2. Tim. 2,2: «Alt du har høyrte av meg framfor mange vitne, skal du gje vidare til pålitelege menneske, som er i stand til å læra andre». «Disippelskap over fleire generasjonar» var også tema under IMS sitt årsmøte, der me samtalte rundt borda utifrå dette 2-2-2-prinsippet. Alle har me noko me kan gi vidare. Slik har evangeliet alt blitt gitt vidare i mange generasjonar, også i indremisjonen. Det er berekraftig å fremma Guds rike ved å istandsetja andre til teneste. Jesus såg gåva i folk, gav dei rom og tru. «Som Far har sendt meg, sender eg dykk», sa han (Joh. 20,21). Korleis kan dette sjå ut i ditt liv?

Bøn

Mange i samanhengen vår løftar opp betydningen av bøn. Det poppar opp bøninitiativ, samtidig som mange har hatt bønesamlingar i mange år. Bøn forandrar, tenner gnist og skapar håp, der alt håp synest ute. Alt startar med bøn!

Takk til deg som ber for bygd og lokalt arbeid og for IMS-arbeidet.

Satsingsområda

Fram til 2025 er dette satsingsområda våre:

- Fellesskapsvekst
- Leir
- Leiartrening


Me har sett opp mål/kjenneteikn for kvart satsingsområde innan 2025, samtidig som me kvart år har delmål me arbeider med.

I 2023 har me mellom anna:

- Tre forsamlingar som nyttar NaMu som verktøy for forsamlingsutvikling. Stadig fleire vert kjent med dette.
- Dei fleste lag og forsamlingar får besøk minst to gongar i året, talarhjelp og oppfølging elles.
- Fleire forsamlingar er gjennom Ressursgrupper og nyoppretta Styresamlingar i nettverksordning der dei får hjarte for kvarandre, og kan etter kvart også vera ressursar for kvarandre.
- Me har bevisstgjort på opp, inn og ut-fokus både i forsamlinga og som enkeltmenneske.
- Det vert starta fleire livsnære grupper, noko som er eit mål under Fellesskapsvekst.
- Konfirmantkull blir utrusta til å leva med Jesus.
- Alle lokale leiarar får tilbod om ein stad dei kan utvikla seg; leiarkonferanse, ressursgruppe eller anna.
- Me har hatt fullteikna leir.

ConTeenNew

April 2023 konfirmerte 6 konfirmantar seg på Leirvik bedehus. Sjølv om me då var få er det kjekt å sjå at den geografiske spreinga er stor. Heilt får Skjold til Norheimsund. Hausten 2023 starta me opp med eit rekordkull på 18 nye konfirmantar. ConTeenNew er IMS sitt konfirmantarbeid for heile kretsen. Me samlast ein gong i månaden frå september til april og dreg på tre turar i løpet av skuleåret.



IMS-Ung rettar ei stor takk til leiarane Hilde Kristin Teigland, Kjetil Fyllingen, Kjerstin H. Stokken, Bernt Arild Gjøvåg, Solveig Gjøvåg og Eirik Stensland. Det er ei meiningsfylt teneste å stå i. Ein får gå litt tettare med nokre få over eit år der Bibel og undervisning er det som står i fokus. Det gjer noko med konfirmantane, og med oss vaksne. Det er fantastisk å sjå den utviklinga konfirmantane har i denne tida.

IMF-prosessen

Dette året fekk prosessen sin restart, og me opplever å ha kome eit steg vidare i korleis IMS best kan organiserast for framtida for å få «meir misjon» og «eit større vi». Sjå saksutgreiing på side 20-22 her i bladet.

Krinsen

IMS er ei samanslutning av lokale foreiningar, forsamlingar, lag og kontaktar. Ved utgangen av året var talet 124, fordelt slik:

- Indremisjonar 42
- Forsamlingar 6
- Kontaktar 24
- Kvinneforeningar 12
- Mannsforeningar 1
- Andre lag 1
- Kor 3
- Barnelag 23
- Ungdomslag 12

Talet har vore stabilt siste året. Per nyttår 2022 var talet 123.

Arbeidarane 2023

Takk til dyktige og engasjerte tilsette, som trufast står i ansvar og oppgåver dei er satt til.

Medarbeidarstab IMS:

Marit Hårklau Ådnanes (80 %)
Guri Bjørnevik (80 %)
Lise Marie Thuestad Litlabø (50 %)
Kåre Johan Hamre (60 %)
Marit Andresen Røen (30 %) til 01.09., deretter enkeltoppdrag
Synnøve Wold-Flokketvedt, (70 %) til 17.02.
Eirik Stensland (80 %)
Linda Aase (50 %)
Kristine Særsten, (75 %) frå 15.08.

Tilsett lokalt:

Knut Kvamme, Voss (60 %)
Sigrid Hilleren, Voss (10 %)
Ingrid Kvamme Friborg, Voss (10 %)
Vidar Sangolt, Norheimsund og Øystese (46 %)
Julie Haaberg, Norheimsund og Øystese (50 %), morspermisjon, i arbeid igjen frå 08.06.
Sølvi K. Mongstad, Norheimsund og Øystese (25 %) til 01.08.
Ingvild Løklingsholm, Stord (100 %)

Hilde Kristin Teigland, Stord (40 %)
Eirik Stensland, Bømlo (20 %), 10 % frå 01.12.
Knut Fauskanger, Moster (20 %) fram til 01.03.
Ane Michaelsen, Moster (20 %) frå 01.03.
Serina Nøstbakken, Moster, prosjekt og 20 % frå 01.09.
Sjå egne meldingar for tilsette avdelingane våre.

Fritidsforkynnarar og frivillige:

Me har hatt desse fritidsforkynnarane i 2023:

Ola Malvin Lomheim, Ove-Kjell Saks-eid, Ingvild Løklingsholm, Håkon C. Hartvedt, Ingebrigt S. Sørfonn, Klaus Muff, Aksel Ingvard Johannessen, Solveig Norheim, Tor Espen Kristensen, Olav Eikemo, Jorunn Eikemo, Svein Bjarne Aase, Astrid og Lars Reinlund, Sara Brosvik, Knut Inge Røen, Annbjørg N. Våge, Silje Fyllingen, Arne Lindekleiv, Toralf Steinsland.

Tusen takk til alle frivillige som velvil- lig stiller opp; som fritidsforkynnarar, med song og musikk under ulike ar- rangement, som leiarar under leir og arrangement elles.

Økonomien

Årsrekneskapen viser foreløpig eit overskot på kr 3.643.652, medan driftsresultatet, når me ikkje tar med inntektene frå Helgatunlia, er kr 439.517,- i minus. Året før var årsresultatet på kr 15.681.534. Dette var med bedehussal på kr 657.239,- og inntekt frå Helgatunlia

på kr 15.224.619,-. Utan desse inn- tektene gav 2022 eit underskot på kr 200.324,- etter revisjon. Overskot frå Helgatunlia skal hovudsakleg gå til å rusta opp og fornya Helgatun. *

* *Rekneskapstala er før revisjon. Ende- lege tal vert oppdaterte i versjonen som kjem på nett.*

Det vil vera eit viktig fokus framover å få fleire faste givarar. Me har tru for at dette er vegen å gå for å trygga økonomien til IMS. Antal faste givarar har halde seg ganske stabilt dei siste åra. I dag har IMS 170 faste givarar. Tusen takk til deg som står med. Samtidig er det her eit stort poten- siale.

Meir på nettsida

På nettsida vår, www.indremisjonen.no, vil du finna fullstendige årsmel- dingar frå IMS og IMS Ung. Her kan du lesa meir om økonomi, ulike råd og organ, avdelingane våre og større arrangement.

Takk!

Å ha eit engasjement gir meining til livet, og er vinn-vinn. Fleire har gitt uttrykk for nettopp dette. Så hadde heller ikkje IMS gått vidare utan det enorme engasjementet som blir vist på så mange vis. Tusen takk til deg som trufast står med i arbeidet, enten det er i styre, råd og komitear, i leiararbeidet, økonomisk, i praktisk teneste, som forkynnar, i ConTeen- New-arbeidet og ikkje minst i bønear- beidet.

«Kvar bok i Skrifter er innanda av Gud og til nytte i opplæring, formaning, rettleiing og oppseding i rettferd, så det mennesket som høyrer Gud til, kan bli fullt utrusta til all god gjerning.»

- 2. Tim 3,17 -



Stabsdagar Helgatunlia. F.v. Kristine Særsten, Guri Bjørnevik, Marit Andresen Røen, Kåre Johan Hamre (bak), Lise Marie Thuestad Litlabø, Eirik Stensland, Linda Aase og Marit Hårklau Ådnanes.



Nøkkeltal frå IMS sin rekneskap

| | 2023* | 2022 | 2021 |
|--------------------------------|------------------|-------------------|------------------|
| Driftsinntekter | 5 544 354 | 5 912 951 | 5 180 189 |
| Driftskostnadar | 6 178 547 | 6 227 758 | 5 360 408 |
| Driftsresultat | -634 193 | -314 807 | -180 219 |
| Finanspostar | 195 940 | 95 619 | 9 214 |
| Skattekostnad | -5 264 | -5 257 | -2 583 |
| Ekstraordinære postar** | 4 000 | 681 359 | 1 615 959 |
| Sal i Helgatunlia | 4 083 169 | 15 224 619 | 5 303 669 |
| Årsresultat | 3 643 652 | 15 681 533 | 6 746 040 |

| Eigenkapital og gjeld | 80 053 030 | 76 323 214 | 60 653 489 |
|------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
|------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|


* Rekneskapstala for 2023 er før revisjon. Her er noko av overskotet frå sal i Helagtunlia med, men dette vil verta noko endra etter revisjon. Oppdaterte tal vert lagt ut på nettsida så snart dei er klar.

** I 2022 er det inklusiv salg av Markus bedehus, og i 2021 sal av Nordbygda bedehus.




* Tala er foreløpige tal før revisjon, reviderte tal vert lagt ut på nettsida så snart dei er klar.

Fordeling av driftsinntekter IMS 2023



Fordeling av driftsutgifter IMS 2023




Kretsarrangement i IMS 2023

| Kretsarrangement 2023 | Tid og stad | Talar |
|----------------------------|-----------------------------|---|
| KRAFT-konferanse | 28. januar, Leirvik Bedehus | Arne G. Skagen, Cecilie Skår Holmgren |
| Damehelg | 17.-19. februar, Brandøy | Gerd-Kari Sund |
| Familieleir* | 31. mars-4. april, Helgatun | |
| Årsmøte IMS | 22. april, Leirvik Bedehus | Marit Hårklau Ådnanes |
| Vårtreff | 24.-27. april, Brandøy | Jorunn og Olav Eikemo |
| IMS Sommarfest | 16.-18. juni, Brandøy | Viggo Klausen, Inga Birgithe S. Knutsen |
| 50-års jubileum* | 12.-13. august, Helgatun | Arnulf Sandvik |
| Sunnhordlandstreff* | 21.-25. august, Helgatun | Klaus Muff |
| Damehelg* | 15.-17. september, Helgatun | Sølvi og Dagfinn Heimestøl |
| Kvinnedagar | 18.-20. september, Brandøy | Mona Rosvold Bauge |
| Jakt- og friluftsløysleir* | 22.-24. september, Helgatun | Svein Bjarne Aase |
| Haustmøte | 22.-24. september, Leirvik | Oddvar Søvik |
| Helgatunhelg* | 30. september-1. oktober | Marit Hårklau Ådnanes |
| Pit Stop | 12.-15. oktober, Leirvik | Ole Thomas Fidjeland |

*Helgatun sine arrangement, i tillegg har dei vinterferieopphald og påskeopphald.

Viktig med ablegøyer innimellom



Klar for møte på Framnes



Konfirmentar 2022-2023



Snøleik Færjulshelg Helgatun





Brandøy Misjons- og konferansesenter AS

Aktivitet

Det var litt låber aktivitet i februar og mai. Elles var dei andre månadene innhaldsrike. 15 leirar og arrangement er gjennomført av IMS eller Brandøy. 19 andre helger var Brandøy leigd ut til lags- og forsamlingsweekendar og konfirmantleirar.

Det har vore 4 919 overnattingar (mot 2022: 4 316, 2021: 2 364), og 597 personar på dagsbesøk (mot 2022: 351, 2021: 218).

Nytt av året var IMS Sommarfest i midten av juni. Svært mange har gitt positive tilbakemeldingar på arrangementet. Det har vore inspirerende å få jobba tett med komitéen, tilsette i IMS, Brandøystyret, og alle frivillige rundt Sommarfesten.

Gåver

Det er gledeleg å sjå at det framleis kjem godt med gåver. Totalt er det motteke om lag kr 892 000,- (mot 2022: 960 000,- 2021: 742 000,-). Me har òg fått ei varmepumpe til stova. I tillegg er motteke 60 stolar og 12 bord til møtesalen, samt mykje kjøkenutstyr i gåve frå Sunde bedehus.

I hovudsak kjem gåver frå privatpersonar, offer i kyrkjer, samt minnegåver. Gåver frå lag og foreiningar går framleis ned, men den faste gjevartenesta har auka.

Personalet

Tilsette: Andreas C. Våge (20 %) som dagleg leiar, Daria Holowinska (100 %), Annbjørg N. Våge (70 %) og Anita Ivesdal Frafjord (60 % frå april). I tillegg har me fleire timetilsette som hjelper under tilstellingar og med vedlikehald.

Rekneskap

Rekneskapen syner eit underskot på kr ???,-. Det er investert for kr 142 780,-. Avdrag på lån har vore kr 452 912,-. Det er teke opp nye lån på totalt kr 1,3 millionar internt i konsernet, delvis for å refinansiere dyr bankgjeld. Heile året har børe preg av ein svært stram likviditetssituasjon. Men Brandøy har ein eigenkapitalandel på 55,66 % og er eit solid selskap. Det er til saman motteke 69 000,- i straumstøtte.

Takk

Brandøystyret vil takka for alle gåver, støtte og all dugnadsinnsats som vert lagt ned gjennom året. Takk til alle som bed for arbeidet på Brandøy.

Framnes KVGS

Arbeidet blant elevane på fritida

Me har hatt god tilgang på miljøarbeidarar. Dei er veldig flinke og ein svært mektig ressurs i arbeidet mellom elevane på fritida.

Møta er til stor glede for elevane, og fleire og fleire av elevane våre ynskjer å samlast for å høyre og dele Guds ord. På møta er det elevane sjølve som står for musikk og song, og tar elles del i det praktiske i ulike tenestegrupper.

I tillegg til desse faste møta, vert det kvar morgon arrangert bønnestund av elevane.

Nytt av året er at elevane samlar seg i smågrupper kalla «krigerne» kvar tysdag frå 15.30 til 16.30. Bønn, vedkjenning, brorskap og undervisning er dei fire momenta som går att i alle samlingane. Gutane samlast for seg og jentene for seg. Jarle Mong seier om dette:

«Det å ha noen rundt seg som har forpliktet seg til å holde sammen, be for hverandre, lytte til hverandre og oppmuntre hverandre gjør definitivt noe med et miljø. For mange har disse gruppene blitt den første arenaen de har hatt hvor de kan snakke ærlig og åpent om livet. Her får man forbønn, støtte, blir bekreftet og ikke minst minnet om syndenes forlatelse.»

Idrettshallen vår er mykje i bruk. Kva skulle me gjort utan den?! Det er ofte ein straum av elevar og «bygdisar» i gangane til og frå aktivitetar. Elevane våre er flinke, viser seg fram og gjer det godt på sine arenaer. Særleg var det kjekt med volleyballgruppene som hevda seg høgt i NM-volleyball for vidaregåande skular.

Økonomi

Rekneskapen er ikkje ferdigstilt av revisor. Foreløpig samla resultat er kr 2 325 000,-. Av dette er

kr 2 540 000 gåver. Me er svært takksame for alle gåver. Me har også auka omsetninga på «sommardrifta» i 2023 med eit nytt arrangement for konfirmantar i regi av KFUK/M i haustferien.

Takk

Me er takksame for arbeidet me får stå i på Framnes. Ikkje minst er me takksame for å ha indremisjonen i ryggen. Me møter berre velvilje og godord når me har spørsmål eller fordringar å kome med. Tusen takk for godt og verdfullt samarbeid!

Miljøarbeidarane på Framnes



Helgatun Fjellpensjonat AS

Verksemda

Mottoet vårt er «Ekte livsglede i eit varmt og inkluderande miljø». Dette er det viktig å ha fokus på i ei tid der mange kjenner på uvisse og einsemd i ei urolig tid.

Overnattingar og oppgradering

I 2023 hadde Helgatun 10 087 overnattingar mot 11 733 i 2022, ein nedgang på 1646. Dette er på grunn av nedstenging og oppgradering av Helgatun frå 20. oktober til 5. januar 2024. Mykje er blitt nytt, blant anna nye vindauge i heile bygget, nye sikringsskap, nye toalett og dusjar i sovesalen, handicaptoalett, nye toalett ved kafeinngangen, heis frå møtesal til spisesalen, ventilasjon til møtesal, peisestove, aktivitetsrom og sovesal. Me har fått nytt inngangsparti og resepsjonen er blitt oppgradert.

Økonomi og gåver

Driftsresultat inklusive gåver: kr – 4 955 959,-. Mottekne gåver: kr 1 677 997,-.

Negativt driftsresultat skuldast oppgraderinga av Helgatun. Me har betalt inn kr 6 127 875,- ut 2023 på oppgraderinga. Tala er før revisjon.

Brukargrupper og arrangement

Ulike grupper har vore på besøk i 2023: Menighetsgrupper, skulegrupper, ulike organisasjonar, ungdomsgrupper, leirar, kor, eldregrupper, pluss mange ulike selskap.

Eigne arrangement: Vinterferieopphald, familieleir i Palmehelga, Påskeopphald, Sunnhordlandstreff, Damehelg, Friluftslivleir og Helgatunhelg.

Personalet

Jorunn (dagleg leiar) og Aksel Ingvard Johannessen, Joanna og Roman Jacuk alle i 100 %. John Morten og Ingebjørg Espevik begge i 50 %. Veronika Jurova er reinholdar i 100 % stilling.

Takk

Hjarteleg takk til alle som står med oss i tenesta. Tusen takk for

den store dugnadsinnsatsen, gåver, oppmuntring og forbøn. Saman skal me vidareutvikla Helgatun til å vera den reiskapen staden kan vera i Guds rikes arbeid.

Helsar Dykk med med 1. Peter 2, 9: «Men De er ei utvald ætt, eit kongeleg presteskap, eit heilagt folk, eit folk som Gud har vunne, så De skal forkynna Hans storverk, Han som kalla Dykk frå mørkret og inn i sitt underfulle lys.»



Helgatunlia

Vi skriver februar 2024, og når dere lesar denne årsmeldingen er prosjektet Helgatunlia avsluttet. 72 leiligheter og 6 ulike bygg står ferdig oppført og de solgte leilighetene er overført til sine eiere. Prosjektet står fremdeles igjen med 7 usolgte leiligheter, det samme antall leiligheter som ved forrige årsmelding. 4 av disse 7 leilighetene er tatt i bruk av Helgatun, og skal leies ut mens vi venter på at de skal bli solgt. På den måten dekker de løpende utgifter.

Uteområdet har også blitt ferdigstilt med attraktive uteområder som legger til rette for et mangfold av aktiviteter. Det er sandvolleyballbane, hoppepute, grillhytter, lekeplasser og en liten kunstgress ballbane (laget utenfor Helgatun) som beboerne kan boltre seg på. Uteområdene viser seg også å være attraktive for hele fjellandsbyen. Det ble også dette året avholdt dugnad der belegningsstein utenfor bygg 6 ble ferdigstilt.

Styret vil takke misjonsvenner som på ulike måter har husket på prosjektet i bønn, vært med på dugnader og vist interesse for Helgatunlia.





SunnBok AS

I mange år har butikken levd på kanten av stupet, og der er vi fortsatt. Tala for 2023 viser dette. Vi har eit foreløpig driftsresultat på kr 20.000,- før revisjon, og ein omsetning på om lag 1,85 mill. Vi har trufaste kundar, men på sikt er det ikkje sikkert at dei er mange nok. Ein som driv kristen bokhandel har uttalt at "de som driver butikk med omsetning under 2 mill driver egentlig dugnad". Så er spørsmålet, er dette dugnad vi vil fortsetja med? Vil kristenfolket i området at SunnBok skal eksistera? Er det bruk for oss? Dette

har vi tatt opp så mange gonger at det begynnar å minna om eventyret om han som ropte "Ulv, ulv". Vi ventar framleis på at den nedadgåande trenden skal snu. Og vi har ikkje mista trua på at pendelen kan snu!

Vi vil vera så frimodige at vi påstår det er bruk for oss. Dette er ikkje berre ein butikk, det er også sjon og diakoni der ulike menneske kjem innom.

Kva kan vi gjera for å snu trenden? Dette handlar ikkje først og fremst om å støtta butikken, men å sjå kva butikken kan bety for deg og dine. Å sjå korleis litteraturen vi sel kan vera med å forvandla liv.

Kva sel vi på SunnBok? Vi sel biblar og andre kristne bøker for barn og vaksne. I tillegg har vi interiør, instrument, kort, kaffi, leiker, hudpleieprodukt frå Israel og mykje meir! Er det lenge sidan du var innom? Da må du ta deg en tur neste gang du får lyst på ei ny bok eller du treng ein presang.

I tillegg til butikken har vi i 2023 vært på leirar, stemner, julemesser, damekveldar og Plussreise turar. Vi har hatt Israelskveld med besøk frå Israelsmisjonen, vi har hatt besøk av Heidi Gellein og Tania Michelet.



Dagleg leiar Silje Fyllingen framfor den populære Willow Tree-samlinga, som dei nett har starta å selja.

Ny bibel frå Bibelselskapet i mars 2024

Bibelen er ei samling av fleire bøker i to delar. Samlinga vi kjenner som Det gamle testamentet, er heilag både i jødedomen og kristendomen, og inneheld historiar, lovar, poesi og profetiar. Samlinga vi kallar Det nye testamentet, er historiar og brev som handlar om Jesus frå Nasaret og hans første etterfylgjarar.

Bibelselskapet sitt oversetjingsarbeid er unikt i norsk samanheng. Arbeidet vart leia av Noreg sine fremste ekspertar på kjeldespråka, i samarbeid med fleire av våre mest anerkjente forfattarar og diktarar. Bibel 2024 er ein revisjon av Bibel 2011, som er den mest brukte bibelteksten i Noreg i dag.



SunnBok

Torgbakken 10 · Stord · Telefon: 53 41 20 01 · www.sunnbok.no
e-post: post@sunnbok.no · www.facebook.com/Sunnbok

Hovudsponsorar

Unik design • kvalitetshåndverk

**MØBEL
SNEKKEREN AS**

TRAPPER • MØBLER • KJØKKEN • SPESIALINNREDNINGER • MØBELTAPETSERING



Hollundsdaalen • 5430 Bremnes
Tlf. 53 22 30 50 • Mob. 977 44 781
www.mobelsnekkeren-as.no



Oma Slipp & Mek. Verksted a.s

Tlf: 53 40 30 20 E-mail: slipp@oma.no

Hamnegt. 80 5411 Stord



Oma Baatbyggeri a.s

Tlf: 53 40 98 00 E-mail: post@oma.no

Postboks 200 5402 Stord

Hovudsponsorar

55 års erfaring i bransjen



THORMODSÆTER
ENTREPRENØR AS

Vi tilbyr alt innen graving, transport og knuste massar

KONTAKT OSS:

911 01 672 - Øystein

906 90 272 - Edmund

e-post: post.te@hotmail.com



SAG & BYGG AS

Mækjebakken

5428 Foldrøyhamn



Trevirke - Nybygg - Rehabilitering

Salg av materiell

Alt etter kundens behov

John Morten: 920 82593 - Arnfinn: 920 87345

Mail: postmaster@sagogbygg.no



Hovudsponsorar



RØRKJØP

www.jarlesteinsland.no

Jarle Steinsland as

Telefon: 909 37 265

Totalrehabilitering av våtrom - service



GRANBERG GARVERI AS

**FAMILIEN - HUS - HYTTE
SKINN TIL**



SAUESKINN



BABYPOSE



SOVESKINN
FOR BABY



REINSDYRSKINN

Godt utvalg i saue-, rein-, geit-, kanin-, ku- og viltskinn etc., nappa-/moccaskinn, lær samt tilbehør til syarbeid i skinn.

**BESØK VÅRT FABRIKKUTSALG
I ØLENSVÅG**

| | |
|------------------|-------------|
| Måndag - torsdag | 10.00-16.00 |
| Fredag | 10.00-17.00 |
| Laurdag | 11.00-14.00 |

Påskeften stengt



Bjoavegen 187 - Ølensvåg



52 76 50 00



post@granberggarveri.no



granberggarveri.no



facebook.com/granberggarveri

Bømlo

h&h

Handelssenteret ditt



AUTO SERVICE

www.auto-service.as – telefon: 53 42 87 80 – mobil: 917 48 797

**Ditt komplette
bilservicesenter på Bømlo**

Verkstad - Drivstoff - Bilvask - Dekk - Leigebil - Leiehengere
Tilhengarar - Matservering - Stor kiosk

coop prix

5430 Bremnes



BØMLO MASKIN AS

5443 Bømlo - Mob.: 909 15 854



INTERSPORT

INTERSPORT BØMLO AS

SVORTLAND, 5430 BREMNES

TLF. 53 42 12 80 - FAX. 53 42 12 81



BØMLO SKIPSSERVICE

Hovlandsvegen 240 - 5443 Bømlo

Telefon: 53 00 15 00 - E-post: post@bsse.no



JERNÅ

Bømlo



EXTRA

Hollundsdaalen - 5430 Bremnes

Åpningstider: mandag - fredag 07-23, lørdag 08-21

Montér

Sakseid, 5437 Finnås

Telefon: 47 64 60 00

E-post butikk: bomlo@monter.no



FINNÅS KRAFTLAG

Stoffbua

Postboks 24, 5445 Bremnes

Tlf.: 53 42 04 62

www.stoffbuabremnes.no

interoptik

Bømlo Optik



AUTORISERT ELEKTROENTREPENØR

Hollundsdaalen, 5430 Bremnes • Tlf. 53 42 21 00

Stort utval i
eigenproduserte
sommarpplanter, stauder,
buskar og tre.
Velkommen til oss!



Sakseide Gartneri
følg oss på facebook/sakseidegartneri



Neptun Maritime

Trapperingen

B. INNVÆR AS



WVS BØMLO

Bømlo - Sveio - Vindafjord



**NORSK
LEK & PARK**

5555 Førde - lekogpark.no



BLINK HUS

Steinsbø

Tlf.: 53 42 85 00
e-post: firmapost@kr-steinsbo.no

www.kr-steinsbo.no

BYGGI SVEIO

5555 Førde - Tlf.: 53 74 34 00



KR. STEINSBØ

Hollunddalen 10
5430 Bremnes

**ELEKTRIKEREN
PÅ HAUGALANDET**


Frøvik Elektro AS
tlf. 47 49 00 00

elkonor Tittelsnesvegen 544
5550 SVEIO

Ring oss når du trenger elektriker!

teca[®]

Alt teknisk gjort enkelt for deg!



**NORVALD INGE
FYLKESNES**

MURING • PUSSING • FLISLEGGING • STEINLEGGING



URMAKER
arnestad
5580 ØLEN

ØSTENSEN

S. ØSTENSEN & SØNNER A/S
Postboks 70 - 5445 Bremnes

WAPPIER

Sveio - Vindafjord - Kvinnherad

Me tek oss av alle gjeremål i samband med dødsfall og gravferd, gravstein og stell av graver i Sveio kommune

Sveio Gravferdsbyrå

Sveiogata 65
5550 Sveio
Tlf.: 53 74 08 40
Mob.: 970 24 885 · Døgnvakt



KIMI mini pris

- Ølensvåg -

BJELLAND ELEKTRO AS

E L E K T R O I N S T A L L A S J O N

EL-PROFFEN

 Ølen Betong
www.olenbetong.no

Bagne

Elektro VD AS
Din lokale elektriker
Tlf. 97 00 39 90

bagne.elektro@gmail.com



Velkommen til en ekte sportsbutikk!

sport 1

www.sport1.no

Husnes Sport AS

Husnes Storsenter - Tlf.: 53 47 14 04
husnes.sport@sport1.no

KIMI mini pris

- Sveio -

POWER

Husnes Butikksenter · Tlf.: 53 47 16 08

 **HAUKÅS**
SVEIO BILVERKSTED OG BENSINSTASJON
Tlf: 53 74 25 51 - Tlf: 53 74 25 50

M E C A

www.mecacarservice.no

SUPER DEKK



Anne Maries
Blomster
Lonavegen 15 - 5460 Husnes Tlf. 53 47 81 91
annemariesblomster.no

BergeSag

®

YOU WHO

Du finn oss i 2. etg
i Husnes Storsenter

Heimefrå,
men ikkje åleine!

Skal du begynne på vidaregåande til hausten?

Lundeneset er ein vanleg vidaregåande skule, men samtidig mykje meir. Me er ein internatskule der dei fleste av elevane bur på internat. Skulen ligg i Ølensvåg og har om lag 190 elevar.

På Lundeneset er det ei rekke tilbod og moglegheiter som gjer at du kan få ei spennande fritid. Skulen ligg ved både sjø og fjell, i tillegg til at me har gymsal, sandvolleybane, styrkerom, musikkrom, robåtar, kunstgrasbane og så vidare.

Moglegheitene er der – det er berre å ta dei i bruk! Me har òg tilbod om kristne samlingar, og me har miljøarbeidarar som lagar ulike arrangement og møtepunkt både på vekedagane og i helgene. Alt dette gjer Lundeneset til ein skule med eit spesielt miljø og mange gode relasjonar!

Les meir om oss og send søknad på

lvs.no

IT og medieproduksjon

Velger du IT og medieproduksjon vil du ha mulighet til å skape morgendagens kanaler og produkter, enten det gjelder TV, film, internett, radio, avis, bøker eller reklame. Du får også opplæring i IT, og kompetanse til å forstå et mediasamfunn i stadig utvikling.

Studiespesialisering

På Lundeneset har vi studiespesialiserende utdanningsprogram med programområdene realfag, og språk, samfunnsfag og økonomi.

Ved å gå tre år på studiespesialiserende får du det beste grunnlaget for videre utdanning på høyskole/ universitet.

Salg, service og reiseliv

Salg, service og reiseliv er retningen for deg som liker mennesker, stadige nye utfordringer, varierte oppgaver, samt liker å yte god service.

Programområdet skal gi deg gode ferdigheter innenfor hovedområdene kommunikasjon/markedsføring, økonomi, reiseliv, arbeidsliv/ logistikk/sikkerhet og teknologiske hjelpemidler.

Påbygging til generell studiekompetanse

Dette er alternativet for deg som ønsker generell studiekompetanse etter to år på yrkesfag.

Kurset bygger på Vg1 og Vg2 fra yrkesfaglige utdanningsprogram, og gir kompetanse for mange studier på universiteter og høyskoler.



Vindafjord - Kvinnherad

WESTCON[®]

ELKJØP
HUSNES 

SpareBank 
SR-BANK

REMA 1000
Husnes

Totland Transport AS

Varetransport – Flyttetransport - Varebilutleige

5450 Sunde tlf. 41460000

På hjul for deg!

BYGGER'N

TEIGEN

Teigen Bygg & Trelast AS
Opsangervegen 18 - 5460 Husnes

BKS industri

CIRCLE K 

CIRCLE K HUSNES

HUSNES

MØBEL

EIN NATURLEG DEL AV HEIMEN

DEKKserviceVEST

DEKKPARTNER



Sunnhordland

ANTIRUST

Fluid Film stoppar rust!

DEKKHOTELL

JA AUTO AS

Bilverkstad • EU-Kontroll • Bosch Car Service



BYGGtorget

LIO SAG & TREFOREDLING AS

Nesvegen 283
5474 Løfallstrand

Husnes Industriområde 59
5460 Husnes

Kvinnherad - Ullensvang - Tysnes



EXTRA

Gjør det billig!

Heiamyro 11 - 5460 Husnes

EL-PROFFEN

INTO ELEKTRO & RØYR

Sundsvegen 77, 5450 Sunde • Telefon 53 48 20 30 • E-post: tore@intoelektro.no • thomas@intoroyr.no

 **PETOL AS**
5460 Husnes - Telefon 53 47 17 51 - Fax: 53 47 17 52 - Mobil: 970 29 480

REINS MASKINERING

BYGGER'N

Jondal

Jondal Bygg AS, 5627 Jondal

MEKK®

Husnes Storsenter - Tlf: 53 48 01 00

www.mekk.no



Hardanger

Rom



&

Harmonium

www.har-monium.no / www.hardangerrom.no

SPAR



- du kjenner oss

Husnes Storsenter
5460 HUSNES
www.spar.no

teca®

Alt teknisk gjort enkelt for deg!



Haaheim Gaard

Tlf.: 900 30 794
www.haaheimgaard.no



Husnes Tannlegesenter

Stabburshaugen 5

5460 HUSNES - Tlf. 53 47 70 00

Ullensvang - Tysnes - Fitjar

Jøndal
Mur og Flis AS



ANDERSLAND BYGG

5685 Ugddal - Tlf.: 53 43 05 00



Tysnes Sparebank
- lokalbanken din -

Husqvarna

Skog og hageprodukter
Salg, service og verkstad
Johannes Tveit: 957 03 909

Rune's Maskin

5685 UGGDAL
Telefon: 97 08 12 51

PTT INVEST A/S

Per Tveit
Tlf.: 92245560
ptt.invest.as@gmail.com

**SKARVATUN
VVS AS**



ØLVE - TYSNES - OS
Mobil: 958 63 295

TRECO-BIL AS

Postboks 57 - 5680 TYSNES
Telefon: 53 43 16 30
Mobiltelefon: 945 09 793

Tiko's

ELEKTRIKAREN PÅ TYSNES
Våge kai - 5680 Tysnes - Tlf. 53 43 22 44

FITJAR
SMÅBÅT AS



**port
steingard**

PortSteingard.no
- i hjertet av Kråko, Fitjar

WAAGE ANLEGG

www.waageanlegg.no
inge@waageanlegg.no | Tlf: 958 86 390

FITJAR KRAFTLAG



Har du
planer om å
bygge bolig?

**Engevik &
Tislevoll a.s**
Byggmester og Entreprenørfirma

MESTERHUS
- det blir som avtalt

www.mesterhus.no

Pb. 13 - 5418 Fitjar - Tlf. 53 45 73 00



Me har alt
- men ikkje alltid



Stord
Begravelsesbyrå

Vakttelefon 534 16 405

Ta kontakt så hjelper eg deg vidare med ditt uterom!



anleggsgartner.no
Jostein Grimsbø



Almaas Hotell Stord

LYNGDAL BIBELCAMP



LEIRSJEF

Daglig Leder ImF, Anja U Heggan

BIBELTIDER OG KVELDSMØTER
ImF-leder Runar Landro og Pastor Gunnar Førstad

LOVSANG

VBF Lovsang (Vea Bedehusforsamling)

FREDAG 21.30

«Sammen i sangene» ved VBF Lovsang

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00
Funday

U 27

1.-7. juli



LEIRSJEF

Markeds- og arrangementsansvarlig i ImF, Kenneth Foss

BIBELTIDER
Forkynner Gunnstein Nes

KVELDSMØTER

Forkynner Henning Persson mand. - onsd.
Sangevangelistene Marit og Irene torsd. - sønd.

LOVSANG

Familien Sangott og Voldsund

FREDAG 21.30

«Sammen i sangene» med Sangott og Voldsund
FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00
Jarle Waldemar

U 28

8.-14. juli



LEIRSJEF

Lærer, Solveig Hovøy

BIBELTIDER
Radiopastor i P7, Ingvald A Kårbo

KVELDSMØTER

Ingvald A Kårbo, mand. og tirsd. Kretsleder i ImF Summere
Johan Halsne fra onsd. til sønd.

LOVSANG

Familien Løneslekken

FREDAG 21.30

«Star of hope» konsert

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00
Rebecca Waldemar og Titus

U 29

15.-21. juli



LEIRSJEF

Kretsleder i ImF Sar, Ragnar Ringvold

BIBELTIDER OG KVELDSMØTER

Lærer på Fjellhaug, Sverre Bee mand. - torsd. bibeltime

Forsamlingsarb. Aud Karin K Ringvold fra torsd. - lørd. kveld

LOVSANG

Arvid Pettersen fra mand. til og med torsd.

Morten Samuelsen fra fred. til sønd.

FREDAG 21.30

Konsert med Morten Samuelsen

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00
Are Odland, Lego Masters


U 30

22.-28. juli

Booking av rom og leiligheter skjer på kvs-camping.no eller tlf 38 33 06 00 fra onsdag 31 januar klokken 10.00
Booking av plass for campingvogn, teit eller bobil skjer på bibelcampen.no eller tlf 38 33 06 00 fra tirsdag 30 januar klokken 10.00

FOR MER INFO OM PROGRAM SJEKK BIBELCAMPEN.NO

Egen
Kidscamp
og
Ungdomscamp
alle uker



HIMMEL OVER LIVET

FREDAG

Frå 17.00 Innkvartering

18.00 Grillbuffè ute

19.00 Kick off for born i skulealder med **Viggo Klausen**, i møtesalen

19.00 Kick off for ungdomane

20.30 Sommarkveld i teltet

- **Viggo Klausen**

- **Himmelpust**

- **Lill-Inger Velde**

- **Jorunn Eikemo**

Open kafè utover kvelden

LAURDAG

08.30-09.30 Frukostbuffè

09.50 Ti-på-ti bøn i teltet

10.30 Bibel og fellesskap i teltet

Vidar Mæland Bakke

«Himmel over livet -
- når himmelen skjuler seg bak skyene»

Barnas sommarfest i møtesalen med **Viggo Klausen**

12.30 Lunsj

14.00 Misjonstivali

Hoppeslott, bungee-run, lykkehjul, fotball-dart, ansiktsmaling m.m.

15.00 Misjonsløp til inntekt for IMS

16.30 Utflukt for ungdomane

16.30 Seminartid

Viggo Klausen:

«Barn og trusforsvar»

Vidar Mæland Bakke:

«Disippelrytmer»

17.30 Middag

19.00 Alle-saman-møte i teltet med **Viggo Klausen**

Open kafè utover kvelden med trekking av BRANDØY-lotteriet

SØNDAG

08.30-09.30 Frukostbuffè

09.50 Ti-på-ti bøn i teltet

10.30 Bibel og fellesskap i teltet

Vidar Mæland Bakke

«Himmel over livet
- når eg ser din himmel»

Song ved **Linn B. Røen** og **Knut Inge Røen**

Alle møter i teltet kl 10:30 til song og nattverd. Barnas sommarfest fortset med **Viggo Klausen** i møtesalen etterpå.

12.30-14.00 Fleksimiddag



VIDAR MÆLAND BAKKE

Hovudprest og dagleg leiar i ByMenigheten - Sandnes



VIGGO KLAUSEN

Trusformidlar, songforfattar og musikar

Påmelding på
WWW.IMS-SOMMARFEST.NO

ims
SOMMAR
FEST

BRANDØY
14.-16. JUNI 2024

WWW.IMS-SOMMARFEST.NO



SJEKK UT
EIGE UNGDOMSOPPLEGG



NORGE P.P. PORTO BETALT

PÅ TAVLA



Velkommen til påske på
HELGATUN

FAMILIELEIR
(Kombileir)
22. – 26. mars 2024

PÅSKEOPPHALD
27. mars – 1. april 2024

Påmelding: Helgatun tlf. 56 51 98 98
helgatun@helgatun.no



Vårtreff på Brandøy
-for oss over 60-
22.-25. april 2024

Velkommen til fine vårdager på Brandøy!
Naturen her er ei perle av Guds store skaparverk med fjord, fjell og skogkleddé lier. Her kan du finna ro og kvile for kropp og sjel. Det blir samlingar om Guds ord, forbøn og vitnemål.

Påmelding: indremisjonen.no eller ring kontoret tlf. 53 41 07 04



Meir informasjon, prisar og påmelding finn du på
IMS-SOMMARFEST.NO

ims SOMMAR FEST

BRANDØY
14.-16. juni



VELKOMMEN TIL

Familieleir på Brandøy

28. juni - 02. juli

Påmelding og info på indremisjonen.no/leirar/



Påskefestival
22.-26. mars 2024

på Brandøy for 8. klasse+
sjå indremisjonen.no for meir info og påmelding



Nysgjerrig på ConTeenNew?
Bli med på infomøte om ConTeenNew, då vel!
Onsdag 15. mai kl.17:30
på Horneland bedehus

Der treff du oss som er leiarar i ConTeenNew, andre kommande konfirmantar som vurderar ConTeenNew og andre føresette til neste års konfirmantar. Samlinga varer ca. 45 minutt og inneheld informasjon om opplegget, god moglegheit til å stilla spørsmål du måtte ha og noko enkel servering med noko varmt i koppen. Hjarteleg velkommen!

ims CONTEENNEW 



for barn 0-9 år
i følge med vaksne

Velkommen til Superhelg på Helgatun 3.-5. mai

Info og påmelding: indremisjonen.no/leirar/



HJARTELEG VELKOMMEN TIL
SUNNHORDLANDSTREFF
PÅ HELGATUN
12.-16. AUGUST 2024

Klaus Muff blir med!

Buss frå Bremnes, Stord, Fitjar og Os
Korrespondanse med Kvinnherad og Tysnes

Påmelding til Helgatun tlf. 56 51 98 98
Mail: helgatun@helgatun.no